



Rapport og planar (2009 – 2010)

Vedteke av Styret
for Høgskulen i Sogn og Fjordane
2. mars 2010

Innhald

Rapport 2009

Innleiing	7
Sektormål 1. Høgskulen skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.....	11
Sektormål 2. Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal klasse i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskular som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområde dei tildeler doktorgrad.....	25
Sektormål 3. Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.....	31
Sektormål 4. Høgskulen skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnyttinga av ressursane.	35

Planar 2010

Sektormål 1. Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.....	43
Sektormål 2. Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.	51
Sektormål 3. Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.	54
Sektormål 4. Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafor ramma av disponible ressursar.	57
Vedlegg.....	60

Rapport 2009

Innleiing

Rapport om styret sitt arbeid

Styremøte

HSF-styret har i 2009 hatt 6 styremøte. Vidare har det vore eit styreseminar der hovudtema var HSF sin strategiske plan. På same seminar brukte styret også noko tid på å drøfta føresetnadane for at styret skulle fungera som eit godt kollegialt organ. I juni 2009 vart det halde eit felles dagseminar med styret for Vestlandsforskning.

I brev av 18.03.09 frå KD vart Grete Øren oppnemnd som nytt styremedlem for Trine Lerum som hadde fått innvilga fritak frå styrevervet. I same brev vart det oppnemnd varamedlemmer for dei eksterne medlemene slik:

1. Ole Schanke Eikum
2. Karin Halle
3. Petter Øgar

Studentrepresentantar i 2009 har vore Therese Thorsheim, Kjell Wernik Nystøyl fram til 01.10.09 og Ole Martin Klepsvik frå 01.10.09.

Generell vurdering

Studentrekruttering

2009 har vore eit positivt år for HSF. Spesielt viktig var den gode rekrutteringa i 2009 der HSF styrka seg både på den lokale marknaden i Sogn og Fjordane med vekt på vidareutdanning og deltidsstudium, og på den nasjonale studentmarknaden med ein gledeleg auke i talet heiltidsstudentar rekruttert utanfor fylket. Samla sett førte dette til ein auke i studenttalet på 12 % hausten 2009 sett i høve til hausten 2008. Den nasjonale auken var 4,5 %.

Viktige faktorar som kan forklara denne positive utviklinga er:

- HSF har i lang tid hatt nær kontakt med arbeidslivet i fylket, noko som gjer at vi vert nytta aktivt for å løysa kompetanse- og rekrutteringsbehov i lokalt arbeidsliv. I 2009 var det spesielt utdanningssektoren som ynskte lokale rekrutteringstilbod.
- Eit godt omdømme som studiestad og med særleine føresetnader for idrett og friluftsliv
- Godt arbeid med studiekvalitet med god gjennomføring/høg studiepoengproduksjon
- Ei liten trend til styrka prioritering av mindre utdanningsstader blant studentane

Formidling og utviklingsarbeid

HSF har også i 2009 prioritert samarbeidet med lokalt arbeids- og næringsliv og meiner dette er inne i ei positiv utvikling. Det er ein sterk vekst i eksternt finansiert verksemd i 2009.

Spesielt nært er samarbeidet med skule- og med helse- og sosialsektoren. Men også med næringslivet er samarbeidet styrka der oppretting av eit nytt studium i fornybar energi er eit resultat av gode samarbeidsrelasjonar med energisektoren i fylket. Det vert også arrangert eit aukande tal faglege konferansar/seminar i HSF-regi der målgruppa er lokalt arbeidsliv. Etter styret si vurdering viser arbeidet vårt mot det lokale arbeidslivet kor viktig formidling og utviklingsarbeid er.

Vitskapleg publisering

HSF har ein betydeleg auke i vitskapleg publisering i 2009 etter fleire år med nedgang. Men nivået er framleis ikkje tilfredsstillande og rektor har utarbeidd ein handlingsplan for å auka publiseringsaktiviteten.

Studietilbod

HSF fekk tildelt 105 nye studieplassar i revidert budsjett 2009. Dette gjorde det lettare for HSF å møte ynskjemåla frå utdanningssektoren i fylket om auka satsing på utdanningstiltak for å letta rekrutteringssituasjonen. Det vart prioritert auka satsing på deltidstilbod innanfor førskule, allmennlærer og vernepleie, alle med god søknad. Vidare har dei nye studieplassane gjort det lettare å utvikla ei ny lærarutdanning som både er tilpassa behov i fylket og som samstundes oppfyller dei nasjonale målsetjingane i den nye lærarutdanninga.

Styret registrerer at HSF har god gjennomstrøyming, høg studiepoengproduksjon og eit karakternivå om lag på snittet for samanliknbare høgskular. Styret legg stor vekt på utvikling av god studiekvalitet som eit mål i seg sjølv, men også som eit tiltak for å gjera HSF attraktiv på studentmarknadane.

Strategisk plan

Ei viktig sak for styret i 2009 har vore utarbeidinga av ein ny strategisk plan. Styret drøfta denne på eit eige styreseminar i februar 2009 og vedtok den endelege planen på styremøte i november.

Styret har vektlagt å få ein kortfatta plan der høgskulen sine hovudmål skal stå tydeleg fram. Planen signaliserer også ei viss styrking av satsinga på mastergrader der målet er at alle dei store utdanningsområda våre bør tilby ein mastergrad.

I planen stiller styret seg også positiv til å delta i bygginga av eit Vestlandsuniversitet.

Planen er på eit overordna nivå og det er styret sin intensjon at ein gjennom dokumentet "Rapport og planar" skal konkretisera måla og hovudtiltak for å nå desse.

Økonomi

HSF har i 2009 eit økonomisk resultat med eit overskot på 6,8 mill. kr. inkludert tidlegare års overskot/underskot. Dette skuldast i hovudsak auka basisløyving som ikkje er nytta fullt ut, låg lønsauke i 2009 og ei avdeling med eit relativt stort overskot.

Ei avdeling har eit større akkumulert underskot som styret har drøfta spesielt.

Styret si vurdering er at HSF har eit driftsnivå som er tilpassa inntektsnivået og at det gjennomgåande er god budsjettdisiplin i organisasjonen. Styret har likevel budsjettert med eit driftsnivå i 2010 som medfører eit planlagt underskot på 2,5 – 3,0 mill. kr. Dette har vore nødvendig fordi resultatløyvingane knytt til veksten i tal studieplassar kjem i ettertid. Styret har føresett at det budsjetterte underskotet i 2010 kan finansierast med overskot frå 2009.

Styret vil gjera Kunnskapsdepartement merksam på at det er vanskeleg å få oversikt over høgskulen sin økonomi på ein enkel og oversiktleg måte ut frå rekneskapa. Det burde vore prioritert å utvikla rekneskapsmodellar som ga nødvendig styringsinformasjon til styret på ein

lettfatteleg og betre måte enn i dag. So langt styret kan skjøna skuldast dette meir nasjonale retningslinjer enn HSF si interne tilpassing til desse.

Bygg

HSF fekk i 2009 klarsignal til bygging av nytt Sentralbygg, noko styret set stor pris på. Dette betyr at HSF får samla sine aktivitetar i Sogndal på ein stad med den betydning det vil ha for studiemiljø og for drift av høgskulen. Styret vurderer Sentralbygget som eit viktig tiltak for styrka mindre studiestader i distrikta i ein hard konkurranse med dei større utdanningsstadane.

Bygginga av Sentralbygget vil også bidra til å utvikla Fosshaugane Campus som eit kompetansesenter i Sogn og Fjordane.

Styret vil i løpet av 2010 søkja Kunnskapsdepartement om å starta ein planprosess med sikte på å overta Gymnaset i Sogndal. Med denne overtakinga er HSF sine utbyggingsplanar fullført i Sogndal i samsvar med KF sitt brev av 28.11.01. Dette vil vera eit kurantprosjekt med ei ramme over 50 mill. kr.

Risikostyring

Styret har på vesentlege område for høgskulen vore opptatt av å ha tiltak, både førebuande og i ettertid, som kan møte risikoar: Her kan nemnast:

- **Studentrekruttering**
Det er vektlagt fleksibilitet i studentopptak, lokale rekrutteringsopplegg og marknadsføring tilpassa aktuelle målgrupper
- **Studiekvalitet/gjennomstrøyming/studiepoengproduksjon**
Kvalitetsrapporten vert behandla i styret der styret særleg har vektlagt at HSF har målretta tiltak for å heva studiekvaliteten. HSF har eiga avviksrapportering.
- **Vitskapleg publisering/formidlingsverksemd**
Styret fylgjer utviklinga på dette arbeidsfeltet nøye og har spesielt drøfta nedgangen i vitskapleg publisering siste åra. Tiltak er sett inn.
- **Kompetanseutvikling og rekruttering av tilsette**
HSF er offensiv i utlysing av doktorgradsstipendiat for å ha tilstrekkeleg brei rekruttering til å oppfylla måltall på ein kvalitativ god måte. HSF legg vekt på ein fleksibel rekrutteringspolitikk tilpassa faglege målsetjingar.
- **Utvikling i økonomiske rammevilkår**
Styret vurderer det årlege driftsnivået i organisasjonen også ut frå prognosar for forventa framtidige basis- og resultatløyvingar.

SAK

HSF har vald UH-nett Vest som sitt regionale nettverk for å fremja samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon innanfor høgre utdanning. HSF har to hovudmål med dette samarbeidet. Det eine er å bidra til ei god samordning av mastergradsutvikling innanfor høgskulen sine fagområde der ein gjennom samarbeid kan dekkja eit breitt behov i arbeidslivet samstundes som høgskulane kan prioritera tilbod på dei områda der ein har gode faglege føresetnader. For HSF er det også viktig å delta i mastersamarbeid på område der vi sjølv ikkje kan bera fram mastergrader for å dekkja kompetansebehov i Sogn og Fjordane. Det andre hovudmålet er å etablere faglege nettverk både for å styrka grunnutdanningane sin faglege basis og for å gje fagtilsette betre muligheiter til å delta i forskingsarbeid i lag med andre gode fagmiljø.

HSF vurderer også UH-nett Vest som ei utprøving av kva samarbeidsmodellar som kan vera interessante utvikla i eit lengre tidsperspektiv, jamfør målsetjinga i strategiplanen vår om å vera positive til å delta i bygginga av eit Vestlandsuniversitet.

Styret er klar over at også andre regionale nettverk er under utvikling på Vestlandet både i sør og i nord. Men for HSF er UH-nett Vest eit tenleg nettverk ut frå våre faglege relasjonar.

Organisasjonsutvikling

Styret har initiert ein pu-prosess i HSF der spesielt den faglege organiseringa står i fokus. Dette er grunngeve ut frå fylgjande tilhøve:

- det er berre gjort mindre endringar i den faglege organiseringa sidan 1994
- styret har vedtatt ny strategisk plan og det er naturleg å vurdere om organisasjonsmodellen bygger godt nok opp om HSF sine strategiske mål
- noverande åremålsperiode går ut 2011
- HSF vert samla på Fosshaugane Campus i 2012 og det gjev nye byggmessige fridomsgrader for val av intern organisering

Likestilling

Styret registrerte med stor tilfredsheit at HSF fekk KD sin pris i 2009 for god rekruttering av menn til førskulelærarstudiet.

HSF vektlegg elles spesielt å rekruttera kvinner til doktorgradsstipend.

Forvaltning av fullmakter.

HSF har ikkje aksjar i aksjeselskap og har heller ikkje planar pr. dags dato om å bli medeigar i noko aksjeselskap.

HMS

HSF driv eit løpande HMS-arbeid i samsvar med dei føringar som er lagt i offentlege lover og forskrifter. HSF er medlem i ei lokal bedriftshelseteneste

Brukarundersøkingar.

HSF har eit fast opplegg for brukarundersøkingar.

Sektormål 1

Høgskulen skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdsmål 1.1

Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Styringsparameter 1

Tal primærstøkkjarar gjennom Samordna Opptak (per 15. april) skal vere minst 750

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009	Avvik frå resultatmål
	2006	2007	2008	2009		
Sjuepleie	82	120	89	142		
Sosialarbeidarutdanningar	113	122	82	111		
Samfunnsvitskaplege utdanningar	61	45	58	58		
Allmennlærerutdanning	82	37	70	126		
Førskulelærerutdanning	31	68	27	156		
Økonomi, eigedomsmeikling, reiseliv, informasjonsbehandling, Engelsk	143	141	149	148		
Idrett og friluftsliv	165	143	176	221		
Naturfaglege utdanningar	19	23	25	48		
Ingeniørutdanning	22	9	13	20		
Primærstøkkjarar gjennom SO	718	708	689	1030	750	+280
Utlyste studieplassar i SO-opptaket	652	680	672	740		
Primærstøkkjarar per studieplass HSF	1,10	1,04	1,03	1,39		
Primærstøkkjarar per studieplass Statlege høgskular		1,8	1,7	1,9		

Høgskulen auka tal støkkjarar gjennom det samordna opptaket med kring 50% frå 2008 til 2009. Tal primærstøkkjarar per ulyst studieplass kom opp i ca 1,4, men det er framleis eit godt stykke igjen før HSF er på gjennomsnittsnivået for høgskulane.

Styringsparameter 2

Høgskulen har som mål å utvikla mastergrader i samarbeid med andre institusjonar på relevante område

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2006	2007	2008	2009	
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	1	2	2	2	3

Styringsparameter 3

Tal nye registrerte studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 700 (per 1. oktober).

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009	Avvik frå resultatmål
	2006	2007	2008	2009		
Sjukesleie	70	110	68	133		
Sosialarbeidar- utdanningar	120	123	98	122		
Samfunnsvitskaplege utdanningar	93	76	58	71		
Allmennlærer	58	24	45	62		
Førskulelærer	36	63	31	115		
Økonomi, reiseliv, informasjonsbehandling, engelsk	131	111	138	134		
Idrett og friluftsliv	85	92	98	102		
Naturfaglege utdanningar	15	23	22	39		
Ingeniørutdanning	15	14	23	26		
Nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak	623	636	581	804	700	+104

Tal nye studentar rekruttert gjennom det samordna opptaket auka med nær 40% frå 2008 til 2009, noko som var godt over målsetjinga.

Styringsparameter 4

Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 700 (per 1. oktober).

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009	Avvik frå resultatmål
	2006	2007	2008	2009		
Vidareutdanningar, helse- og sosialfag	149	123	171	212		
Vidareutdanningar, skule og førskule	241	323	281	211		
Sjukepleie, lokalt opptak (januar)	50	48	50	39		
Masterstudium	67	32	61	34		
Internasjonale studium (engelskspråklege)	17	26	36	30		
Andre studium (inkl. PPU)	182	85	111	145		
Nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak, totalt	706	637	710	671	700	-29

Tal nye studentar rekruttert gjennom lokale opptak er litt lægre enn i 2008, men likevel på eit høgt nivå.

Styringsparameter 5

Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.09 skal vera minst 2525 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vera minst 2020.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009	Avvik frå resultatmål
	2006	2007	2008	2009		
Sjukepleie	393	388	377	385		
Sosialarbeidar	325	323	295	305		
Lærarutdanning	390	385	366	489		
Samfunnsfag	136	119	106	120		
Økonomi, it, reiseliv	319	281	250	261		
Idrett og friluftsliv	199	201	225	343		
Naturfag/ingeniør	106	105	120	151		
Vidareutdanningar	401	560	484	581		
Mastergrader	171	83	70	57		
Andre (eng, fork ing)	185	183	179	76		
Studentar totalt	2625	2628	2472	2768	2525	+243
Heiltidsekvivalentar	2126	2116	1992	2246	2020	+226

Det samla talet på nye studentar auka vesentleg i 2009, først og fremst som følgje av god rekruttering til grunnutdanningane.

Styringsparameter 6

Samla kandidatproduksjon ved høgskulen i 2009 (master, allmennlærer, bachelor, PPU) skal vere minst 450.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2006	2007	2008	2009	
Mastergrad	13	2	14	3	10
Allmennlærer	80	56	54	37	40
Bachelor Førskulelærer	39	10	29	47	40
Bachelor Sjukepleie	101	138	77	118	100
Bachelor Sosialarbeidar	100	103	90	102	90
Bachelor Samfunnsvitenskap	7	8	6	10	10
Bachelor Økonomi, Reiseliv, Informasjonsbehandling	64	58	50	52	40
Bachelor Idrett, Friluftsliv	33	54	45	43	60
Bachelor Naturvitenskap	15	14	7	8	10
Bachelor Ingeniør	15	5	9	9	10
Fri bachelorgrad	-	6	4	9	10
PPU	78	27	58	18	50
Høgskulekandidat 2-årig	8	0	1	0	0
Kandidatar totalt	566	481	444	456	470

I tillegg til dette avslutta 23 studentar mastergrad i spesialpedagogikk ved Studiesenter Sandane. Tilbodet vert finansiert og arrangert av HSF, men Universitetet i Oslo står fagleg ansvarleg for studiet og tildeler vitnemål. 9 studentar avslutta mastergrad i Tilpassa opplæring, også det er eit samarbeidstiltak med Universitetet i Oslo. Disse er ikkje med i Høgskulen i Sogn og Fjordane sine tal, då det er Universitetet i Oslo som står fagleg ansvarleg for tilboda og rapporterer studentar, studiepoeng og kandidatar.

Styringsparameter 7

Tyngda av høgskulen sine utdanningstilbod skal vera på bachelornivå, og utdanningane skal ha eit yrkesrelevant fokus. Den faglege profilen skal vera i samsvar med gjeldande strategiplan.

HSF sin nye strategiplan, som vart vedteken i 2009, vidarefører satsinga på yrkesretta bachelrorstudium. Det er her hovudtyngda av høgskulen sin utdanningsaktivitet skal vere. I tillegg ynskjer høgskulen å tilby mastergradsprogram innafor høgskulen sine faglege kjerneområde, der høgskulen har tilstrekkeleg kompetanse og der marknaden etterspør slike tilbod. I 2009 etablerte høgskulen nytt bachelorprogram i fornybar energi, ny grunnskulelærerutdanning med tilbod om både 1-7 og 5-10, og nytt årsstudium i juridiske fag. Høgskulen har arbeidd målretta for å få til eit godt samarbeid innan UH-nett-Vest om dei nye grunnskulelærerutdanningane. Høgskulen skal ha eit særleg ansvar for å tilby deltidsutdanninga på Vestlandet.

Når det gjeld mastergrader, er samarbeidet med Universitetet i Oslo om master i Tilpassa opplæring avvikla. Høgskulen har kontakt med Universitetet i Bergen om samarbeid om ein ny master i læring og undervisning. Høgskulen er i dialog med Norges Idrettshøgskole om samarbeid om mastergrad innan idrettsfag. Det er i gang førebuande arbeid med sikte på

mastergrad innan helse- og sosialfag og økonomi og administrasjon. På desse fagområda er høgskulen sin strategi i første omgang å samarbeide med institusjonar som kan ta fagleg ansvar for masterutdanningane. På sikt ønskjer høgskulen å søkje akkreditering for eigne masterutdanningar innanfor dei faglege kjerneområda.

Høgskulen har akkreditering for å tilby mastergrad i organisasjon og leiing. Studiet er profilert mot utdanningsleiing og helse- og sosialleiing og har hatt tilfredsstillande studentrekruttering. Fagmiljøet har god kompetanse, og studiet har danna grunnlag for utvikling av rektorskulen og ulike eksterne oppdrag.

Høgskulen har fått akkreditering for mastergrad i landskapsplanlegging i samarbeid med Københavns Universitet og Sveriges Lantbruksuniversitet. Samarbeidsavtalane vart sluttførte i 2009, og første kull studentar blir tekne opp i 2010.

Høgskulen sitt samarbeid med utdanningsdirektøren og kommunane i fylket om vidareutdanningstilbod innan barnehage og skule er systematisk og godt forankra. Høgskulen tilbyr skreddarsydde vidareutdanningar på 10 – 30 studiepoeng for sektoren.

Vidareutdanningar for helse- og sosialsektoren har blitt utvikla etter samråd med praksisfeltet, og høgskulen sitt tilbod omfattar fleire aktuelle nye tverrfaglege vidareutdanningar. Ei ny vidareutdanning er vurdert av Høgskulen i Volda, og kan godkjennast som emne i ei av deira masterutdanningar.

Styringsparameter 8

Høgskulen sitt kvalitetssystem skal nyttast som grunnlag for arbeid med kvalitet i utdanningane, og til oppfølging av ulike evalueringar.

Høgskulen sitt system for kvalitetssikring er godt forankra i fagmiljøa. Fagtilsette og studieleiingar arbeider systematisk med å forbetre kvaliteten i utdanningane. Leiinga får gjennom rapportar og møte god informasjon om tilstanden i dei ulike utdanningane. Det er variasjonar mellom ulike studium når det gjeld evalueringar og tilbakemeldingar, og det kan vere utfordrande å få til gode måtar å følgje opp studentane sine forventningar på.

Studieutvalet har ansvar for HSF sitt kvalitetssystem. Etter NOKUT si godkjenning i mai 2008 har studieutvalet arbeidd med vidare utvikling av systemet. Hovudfokus er flytta frå bygging av sjølve systemet, til meir å sjå korleis ein kan gjere seg nytte av ulike evalueringar i utvikling av kvaliteten i dei ulike utdanningane. Gjennom året har studieutvalet revidert skjema for emneevaluering og utvikla eit system for programevaluering med ekstern deltaking. Det er utarbeidd ny rutine for opplæring og tilbakemelding til studentane. Planen framover er å gå kritisk gjennom sjølve systemet med tanke på å forenkla og samordne rapportering og betre systematisk oppfølging og studentkontakt.

Styringsparameter 9

Høgskulen sine studieplanar skal utviklast vidare i samsvar med NOKUT sine krav og det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket

Høgskulen har som mål at alle studieplanane innan hausten 2010 skal ha formulert læringsutbyte, og vere tilpassa det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Studieplanane er i stadig utvikling og revisjon, basert på evalueringar frå studentar fagtilsette og praksisfelt.

Studieutvalet har ansvar for å godkjenne høgskulen sine studieplanar, og sjå til at dei er i samsvar med gjeldane nasjonale krav. Ved godkjenning av nye planar har utvalet lagt vekt på at planane skal ha utarbeidd læringsutbyte, at studieplanane skal vere forskingsbaserte, og at pensum skal avspegle internasjonal orientering i studiet. Fagmiljøa blir oppfordra til å arbeide aktivt for å synleggjere det faglege kjerneområdet i studieplanane best mogleg. Kvalitet på studieplanane var tema for ei leiarsamling i høgskulen hausten -09.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 1.1

I plandokumentet for 2009 heiter det at den største risikoen for at høgskulen ikkje skal nå måla under verksemdsmål 1.1 ligg i svak rekruttering av nye studentar, spesielt til grunnutdanningane, og fråfall i studieløpet. Formuleringa bygde på den negative utviklinga i tal søkjarar og nye studentar dei siste åra. På denne bakgrunnen var målformuleringane for 2009 relativt optimistiske både med omsyn til tal søkjarar og nye studentar. Dette bygde mellom anna på eit relativt offensivt tilbod når det gjaldt studietilbod og det bygde på forventningar om auka søkjartal knytt til større kull 19-åringar og ein meir usikker arbeidsmarknad.

Rapporten for 2009 viser at høgskulen sine forhåpningar om ei meir positiv utvikling for 2009 slo til. Dette gjaldt særleg for grunnutdanningane, der både tal søkjarar og tal nye registrerte studentar langt oversteig måltala. HSF er med dette resultatet tilbake til nivået kring år 2000 når det gjeld rekruttering til grunnutdanningane. Noko av det gode resultatet skuldast eit omfattande tilbod av tilpassa allmennlærerutdanning og av at høgskulen i 2009 hadde opptak av deltidskull både til sjukepleie og førskule. Men sjølv om ein korrigerer for desse faktorane, står det tilbake at HSF i 2009 har hatt ei vesentleg betre rekruttering av nye grunnutdanningsstudentar enn på mange år.

Rekrutteringa til studium med lokale opptak, det vil i det vesentlege seia vidareutdanningar, mastergradsutdanningar, praktisk-pedagogisk utdanning og internasjonale studentar, var på om lag same nivå som tidlegare. Særleg når det gjeld vidareutdanningstilbod for lærar, førskulelærarar, helse- og sosialarbeidarar har høgskulen høg aktivitet, og dette reflekterer i stor grad det nære og gode samarbeidet som er utvikla med desse sektorane.

Tabellmaterialet viser at det samla talet på studentar per 1. oktober 2009 er høgare enn det har vore siste åra. Dette reflekterer først og fremst den positive utviklinga i rekruttering av nye studentar.

Tal uteksaminerte kandidatar er i samsvar med målsetjingane for 2009. HSF sine kandidattal er gode, og jamt over høge jamført med andre institusjonar når ein tek omsyn til studenttalet.

Verksemdsmål 1.2

Høgskulen skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrøyming.

Styringsparameter 1

Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 44 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 55.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2006	2007	2008	2009	
Eigenfinansierte studiepoeng vår (60-poengeiningar)	1325,6	1136,9	1126,6	1062,8	1050
Eigenfinansierte studiepoeng haust (60-pongeiningar)	648,4	701,2	754,5	786,6	800
Eigenfinansiert studiepoeng heile året (60-poengeiningar)	1974,0	1838,1	1881,1	1849,4	1850
Studiepoeng per eigenfinansiert student (HSF)	45,1	42,0	45,7	40,5	44
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltids-ekvivalent (HSF)	55,7	52,1	56,6	49,4	55
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltids-ekvivalent (statlege høgskular)	50,0	49,4	48,4	47,2	

Den samla poengproduksjonen er på det nivået som var venta for 2009. Poengproduksjonen per student og heiltidsekvivalent er lægre enn det som har vore tilfelle siste åra. Noko av årsaka til det er av teknisk karakter med omlegging av studieplanar og tilordning av eksamenar. Ein omleggingsprosess som har gått over nokre år, og som har gitt kunstig høg produksjon på nokre område, er no i det vesentlege avslutta. Reduksjonen i produksjon per student og heiltidsekvivalent blir forsterka av at studenttalet hausten 2009 er vesentleg høgare enn tidlegare. Ein relativt stor del av dei nye studentane er deltidstudentar som har få eksamenar i første semester. Produksjon per student og ekvivalent i dbh er basert på årsproduksjon dividert på studenttal per 1. oktober.

Studiepoeng per avdeling	2006	2007	2008	2009
Avdeling for lærarutdanning og idrett	684,8	620,8	681,5	710,2
Avdeling for samfunnsfag	449,2	428,6	417,2	359,8
Avdeling for helsefag	422,7	412,7	422,6	387,4
Avdeling for økonomi, leining og reiseliv	325,0	292,7	266,6	274,6
Avdeling for ingeniør- og naturfag	92,3	83,3	93,1	117,4
HSF samla	1974,0	1838,1	1881,1	1849,4

Aktivitetskrav: Avlagde 60-studiepoengeiningar i første studieår

Utdanning	Aktivitetskrav	Produksjon 2009
Sjukepleie	128	107
AOI	7	7
Vernepleie	29	18

Produksjonen gjeld kalenderåret 2009. Høgskulen tilfredsstillar aktivitetskravet knytt til vidareutdanninga i anestesi, operasjon og intensivsjukepleie. For grunnutdanningane i sjukepleie og vernepleie er produksjonen lægre enn det fastsette aktivitetskravet. Når det gjeld sjukepleie, er årsaka dels at høgskulen har opptak av deltidskull annakvart år og dels i svakare rekruttering. For vernepleie er hovudårsaka få studentar på det kullet som byrja hausten 2008.

Styringsparameter 2:

HSF skal ha 16,5 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2009.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2006	2007	2008	2009	
Studentar per fagleg årsverk Ved HSF	15,7	17,2	17,8	17,8	16,5
Studentar per fagleg årsverk ved statlege høgskular	16,2	16,1	16,0	17,3	

Tal studentar per fagleg årsverk er uendra frå 2008 og litt høgre enn gjennomsnittet for høgskulane.

Styringsparameter 3

Høgskulen skal styrke forskingsbasert undervisning og ha høg fagleg kvalitet i utdanningane.

Arbeid med å styrke den forskingsbaserte undervisninga har halde fram. Forståinga av samanhengen mellom bruk av eiga og andre si forskning inn i undervisninga har blitt styrka. Studentane får øving i akademisk skriving og kjennskap til vitenskapleg tenkemåte når dei skriv bacheloroppgåva. Plagiat og akademisk redelegheit har vore tema på studieleiarsamling. Biblioteket har kursa nye studentar i informasjonskompetanse og kjeldekritikk tidleg i studiet.

Høgskulen har halde fram med kompetanesheving for fagtilsette. Tal høgskulelektorar har auka, og høgskulen får etter kvart fleire med doktorgrad. I nokre fagmiljø er det tilsett personar med førstekompetanse i bistillingar som ansvarlege for emne. Oppretting av forskingsgrupper med tilsett forskingsleiar på sentrale fagområde er ein strategi som skal vere med å styrke forskning og fagleg kunnskapsutvikling i høgskulen.

Styringsparameter 4

Høgskulen skal arbeide for å auke den pedagogisk kvaliteten i utdanningane.

Høgskulen har ikkje krav om pedagogisk kompetanse ved tilsetting i fagstillingar. For å styrke dei tilsette sin kompetanse vert det arrangert samlingar for studieleiarar og fagtilsette med ulike fagleg-pedagogiske tema.

Høgskulen har utvikla eit tilbod om kompetansegejevande vidareutdanning, 10 studiepoeng, for eigne tilsette. Dette året går Rettleiing på tekst, 5 studiepoeng. E-læring og digitale utfordringar har vore tema ved fleire høve, og ei eiga arbeidsgruppe er sett ned for å vurdere utfordringar og strategiar for å møte den nye digitale kvardagen for tilsette og studentar.

Gjennom høgskulen sin revisjon av forskrift om opptak, studium og eksamen har krav om obligatorisk bacheloroppgåve, utforming av arbeidskrav og bruk av ulike vurderingsformer vorte vurdert.

Styringsparameter 5

Høgskulen skal sikre god kvalitet i praksis gjennom samarbeidsavtalar med praksisinstitusjonane innan specialist- og primærhelsetenesta.

Høgskulen har samarbeidsavtalar med Helse Vest og Helse Førde. Høgskulen har også godt samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og kommunar i fylket.

Representantar frå praksisfeltet har deltatt i styringsorgana ved Avdeling for helsefag (AHF) på alle nivå. Avdelinga har avtale om praksisplassar for studentar i sjukepleieutdanninga med alle praksisplassar, og har hatt tett oppfølging med praksislærarar frå høgskulen av alle studentar i klinisk praksis.

Høgskulen ga tilbod om Vidareutdanning i rettleiing, 10 studiepoeng til kontaktsjukepleiarar, og arrangerte kurs for kontaktsjukepleiarar frå fylket. Med bakgrunn i dei strukturendringane som har skjedd innan helseføretaka, ser høgskulen at lærarrolla vert endra, og at læraren framover kanskje meir må bidra til kvalitetssikring av sjukepleien og som mentor for kontaktsjukepleiarane.

Styringsparameter 6

Høgskulen skal halde fram i arbeidet med å følgje opp NOKUT-evaluering av allmennlærerutdanninga på bakgrunn av vedtatt handlingsplan.

Ved inngangen til 2010 er det arbeidet med å laga programplanar og emneplanar for den nye lærarutdanninga som tek mykje merksemd. Dei innspela som NOKUT gav i 2007 er det naturleg å ta omsyn til når ein ny plan tek form. Vi legg inn i utkasta våre dei sentrale føringane som ligg i ei ny forskrift samstundes som vi ser på det forbettringspotensialet som vi har i høve dei tiltaka NOKUT peika på.

I handlingsplanen vår står omdømmebygging som eit sentralt element. Det viktigaste punktet for lærarutdanninga vår er å ha ei attraktiv utdanning som trekkjer til seg mange nye studentar. Her vil eit godt omdømme vera viktig. Tett oppfølging av enkeltstudenten på skuleområdet og ute i praksisskulane er heilt sentralt også i arbeidet med nye planar. I programplangruppene våre er det aktiv deltaking både av studentar og øvingslærarar som skal gje oss dei eksterne dimensjonane me er på leit etter. Vi har fleire lærarstudentar enn på lenge. Det er lite fråfall, og dei som sluttar, vert følgt opp med personleg samtale.

FoU- arbeidet og samvirket mellom utviklingsarbeid og lærarutdanning står også sentralt når vi no planlegg dei nye utdanningane.

Styringsparameter 7

Høgskulen skal følgje opp NOKUT- evaluering av ingeniørutdanninga.

Høgskulen arbeider med oppfølging av evalueringa i samsvar med vedtatt plan og tilbagemelding frå departementet. Rekrutteringa er styrka til ordinær ingeniørutdanning og gjennom opptak via Y-vegen. Samarbeidet i Teknovest er vidareført, spesielt med Høgskolen i Bergen. Utdanninga samarbeider med Øyrane vidaregåande skule (yrkesfag) og Opplæringskontoret for prosessindustrien. Avdelinga har tilrettelagt ”open dag” for

vidaregåande skular og invitert elevar til faglege arrangement. Det er utarbeidd eit tilbod om tilpassa 2-årig studiemodell for fagskulekandidatar.

Høgskuletilsette vil få tilbod om pedagogisk kompetanseutvikling når det nasjonale tilbodet i samarbeid med Nasjonalt råd for teknologisk utdanning kjem på plass. Høgskulen vil halde fram samarbeidet i UH-Nett Vest om utvikling av FoU-miljøet. FoU-arbeidet omfattar no prosjekt som inkluderer både lokalt næringsliv og internasjonalt samarbeid.

Det er utarbeidd læringsutbyteomtale i studieplanen. Studentmobiliteten er aukande ved studiet. Det er utarbeidd to internasjonale studietilbod som er lagt opp med integrerte emne slik at dei norske studentane også får undervisning på engelsk. Lærarutveksling har auka fokus, likeeins internasjonalt forskingssamarbeid.

Styringsparameter 8

Høgskulen skal ha ei målsetjing om 70% gjennomstrøyming i sentrale bachelorprogram.

	2008			2009		
	Opptatt	Fullført	%	Opptatt	Fullført	%
Allmennlærer	54	23	43 %	80	39	48 %
Førskulelærer	38	25	66 %	58	43	74 %
Ingeniør	24	14	58 %	15	9	60 %
Sjukepleie	107	68	64 %	154	95	62 %
Vernepleie	33	23	70 %	37	28	76 %

DBH sin tabell over fullføring på normert tid.

Høgskulen manglar gode tal for gjennomstrøyming. Det finst ikkje data som følgjer den einskilde student. Tal frå DBH viser kor mange som starta på utvalde utdanningar, og kor mange som fullførte etter normert studietid. Her er feilkjelder knytt til studentar som flyttar til annan institusjon, og studentar som kjem med innpass i løpet av studieperioden. Eittersom høgskulen har eit avgrensa valfagstilbod, vel t.d. mange lærarstudentar å flytte til annan institusjon i siste del av studiet. Dei registrerte tala viser at færre enn ønskjeleg av høgskulen sine studentar fullfører på normert studietid. Målsetjinga om 70% gjennomstrøyming er nådd for vernepleiar og førskulelærarstudiet. Samanlikna med året før, har høgskulen betre fullføringsprosent på alle studia unntatt sjukepleie, som har ein liten nedgang.

Styringsparameter 9

I den årlege kandidatundersøkinga skal minst 75% av dei ferdige kandidatane gi uttrykk for at dei er godt nøgde med studieopphaldet ved HSF.

Høgskulen gjennomfører årleg ei kandidatundersøking som vender seg til ferdige kandidatar i fleirårige studium eit halvt år etter at dei slutta ved HSF. I siste kandidatundersøking var i alt 84 % av dei som svarte svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HSF. Naturfag og sjukepleie hadde opp mot 100% fornøgde studentar.

Styringsparameter 10

Høgskulen skal arbeide for eit godt og inkluderande læringsmiljø for alle studentar.

Det vart gjennomført ei læringsmiljøundersøking i regi av Læringsmiljøutvalet ved HSF våren 2009. Undersøkinga omfatta spørsmål om kor fornøgde studentane var på ei rekkje område knytt til det samla læringsmiljøet. Undersøkinga tok utgangspunkt i det bygget studentane

oppheld seg mest, og var ikkje knytt til studium. Målgruppa var alle studentar, heiltid og deltid i Sogndal og i Førde. Svarprosenten var på 58 %.

Undersøkinga stadfesta at fleirtalet av studentane finn seg godt til rette ved høgskulen. Resultata varierer noko mellom bygga, og studentane er ulikt tilfreds med både inn klima, informasjon og servise, tilgang til lesesal og grupperom og kvaliteten på støttetjenestene. Undersøkinga har gitt mange og nyttige tilbakemeldingar frå studentane.

Rapport frå undersøkinga er formidla til leiarar for høgskulen sine avdelingar og einingar og til Studentsamskipnaden. Læringsmiljøutvalet har bedt om at oppfølginga omfattar tilbakemelding til studentane og vurdering av kva som kan gjerast på kort og litt lenger sikt. Iverksetjing av tiltak må vurderast i lys av arbeidet med det nye Sentralbygget.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 1.2

Høgskulen sin samla studiepoengproduksjon er så og seia nøyaktig på det nivået som var venta for 2009, medan produksjonen per student og heiltidsekvivalent ligg under resultatmåla. Avvika er kommenterte i tilknytning til tabellane, og høgskulen reknar med at produksjon per student og ekvivalent vil bli høgre i 2010 og at 2009 slik sett vil visa seg å vera eit unntaksår.

Høgskulen oppfyller ikkje aktivitetskrava knytt til grunnutdanningane i sjukepleie og vernepleie. Årsakene ligg dels i opptaksrytmane med deltidskull annakvart år og dels i svakare rekruttering i 2008. Høgskulen gjer merksam på at aktivitetskravet berre er kopla til grunnutdanningane og ikkje tek omsyn til den omfattande aktiviteten høgskulen har innan vidareutdanningar for helsesektoren.

Godkjenning av høgskulen sitt kvalitetssystem var eit viktig mål som vart nådd i 2008, og tilbakemeldinga frå NOKUT stadfestar at høgskulen jamt over har gode kvalitetssikringsrutinar. På bakgrunn av godkjenninga har høgskulen jobba vidare med utvikling av systemet og kvaliteten i utdanningane.

Evalueringsresultata gir likevel nyanserte svar på både pedagogisk og fagleg kvalitet i dei ulike utdanningane. Høgskulen har gjennom individuell kompetansebygging og fagseminar arbeid for å utvikle kvaliteten i utdanningane.

Samarbeid med barnehage- og skuleeigarar og helseføretak om praksis i utdanningane har fungert bra. Høgskulen har arbeid målretta med tilbod om kompetansebygging for øvingslærarar og kontaktsjukepleiarar.

Arbeid med dei nye grunnskulelærarutdanningane byggjer på oppfølgingsplanen etter NOKUT-evaluering og i nært samarbeid med institusjonane i UH-nett Vest. HSF har fått eit særleg ansvar for deltidsutdanninga på Vestlandet. Høgskulen sin strategi har vore samarbeid for å få til eit best mogleg valfagstilbod for studentane i dei nye utdanningane. Å lukkast med desse utdanningane er svært viktig for høgskulen framover.

NOKUT-evalueringa av ingeniørutdanninga er følgt opp med i samsvar med vedtatt plan.

Høgskulen har som mål å ha høg studiekvalitet, eit stimulerande læringsmiljø og fornøgde studentar. Studentane gir i stor grad tilbakemelding om at dei er fornøgde med studiet ved HSF. Læringsmiljøundersøkinga ga tilbakemeldingar som i hovudsak var positive.

Læringsmiljøutvalet har gått nøye gjennom resultata, og bedt om oppfølging på nokre aktuelle område.

Verksemdsmål 1.3

Høgskulen skal ha omfattande internasjonalt utdanningsamarbeid med høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.

Styringsparameter 1

Tal utvekslingsstudentar over tre månader skal aukast til 90.

Styringsparameter	Resultat					Resultatmål 2009	Avvik frå resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009		
Utreisande studentar	40	35	34	32	41	35	
Innreisande studentar	17	25	46	45	50	55	
Total	57	60	80	77	91	90	+ 1

Høgskulen har lukkast med å utvikle nokre interessante faglege semesterprogram for innreisande studentar. Det gjeld til dømes From Mountain og Fjord som har god rekruttering gjennom Erasmus- og bilaterale avtalar.

Global Knowledge vart gjennomført for første gong i 2009. Dette er eit tverrfagleg semesterprogram basert på samarbeid med ulike institusjonar i Zambia. Studiet er godkjent som valfag i fleire utdanningar ved HSF med praksisopphald i Zambia. Innkomande studentar frå Zambia har praksis i Noreg. Kjernen i studiet er eit felles emne for alle studentane.

Høgskulen hadde 16 kvoteplassar for studieåret 2009/10. 8 av kvotestudentane kom frå Zambia.

Mange utreisande studentar reiste til Zambia basert på bilaterale avtalar. Utreisande studentar nytta og Erasmus-avtalar med høgskulen sine partnerar. Både lærarstudentar og sosialarbeidarstudentar var på utvekslingsopphald via Nordplus. I tillegg til registrert studentmobilitet har høgskulen lagt til rette for praksisopphald for studentar i lærarutdanninga.

Styringsparameter 2

Talet på framandspråklege emne skal aukast til 16.

Styringsparameter	Resultat					Resultatmål 2009	Avvik frå resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009		
Tal framandspråklege emne	2	5	11	14	15	16	-1

Dette året vart det utarbeidd eitt nytt engelskspråkleg semesterstudium. Elles er det eit aukande tal ordinære emne som vert undervist på engelsk.

Styringsparameter 3

Høgskulen skal sikre kvalitet i fellesgraden innfor landskapsplanlegging

Resultatindikator	Resultat					Resultatmål 2009	Avvik resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009		
Studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	1	1	0

Høgskulen har i samarbeid med Københavns Universitet og Sveriges Lantruksuniversitet utvikla eit masterstudium i landskapsplanlegging. HSF har akkreditering for å tilby 60 studiepoeng av emna som inngår i studiet. Studiet var planlagt som ein fellesgrad, men lovgjevinga i Sverige og Danmark opnar førebels ikkje for utskriving av vitnemål for fellesgradar. Tilbodet vert starta opp som eit samarbeidstiltak i 2010. Undervisningsspråket er engelsk og HSF har ansvar for å administrera studiet med opptak og utskriving av vitnemål.

Styringsparameter 4

Lærarmobiliteten skal aukast.

Styringsparameter	Resultat					Resultatmål 2009	Avvik frå resultatmål
	2005	2006	2007	2008	2009		
Utreisande	-	-	30	30	20	35	
Innreisande	-	-	12	10	14	15	
Total			42	40	34	50	-16

Lærarmobiliteten var noko svakare enn året før, og høgskulen nådde ikkje målet som var sett. Tal innreisande lærarar var om lag som planlagt, men færre reiste ut. Mange tilsette deltok i internasjonale faglege fora med presentasjonar og innlegg på konferansar. Det er ikkje så mange tilsette som tek på seg å undervise ved partnerinstitusjonar i utlandet. Den registrerte mobiliteten avspeglar såleis berre ein del av den internasjonale aktiviteten blant dei fagtilsette.

Styringsparameter 5

Informasjonsmateriale om studietilbod/emne på engelsk skal vere oppdatert i 2009.

Høgskulen har faktaark om kvart internasjonalt studietilbod. Oppdaterte informasjonspakkar til partnerinstitusjonane er på plass. Det er laga eigne faldarar om dei nye internasjonale tilboda Master in Landscape Planning og Geo Hazards.

Det er gjort ei større omlegging på veven, slik at informasjon til engelskspråklege studentar og partnerar er å finne samla under dei engelske sidene. Informasjon til utreisande studentar og fagtilsette er tilrettelagt på den norske veven.

Styringsparameter 6

Alle studieplanar på bachelor- og masterstudium skal vere tilgjengelege på engelsk på veven.

Dette målet er krevjande og høgskulen har fullstendige studieplanar på engelsk for to av dei fem avdelingane. I tillegg er studie- og emneplanar for alle dei engelskspråklege tilboda tilgjengelege på veven. Høgskulen vil gjere ei vurdering av kva som skal vere målet for informasjon på engelsk sett i lys av dei samla måla for internasjonalisering ved HSF.

Styringsparameter 7

Internasjonalisering skal vere ein del av grunnlaget for studietilbod og forskingsaktivitet ved høgskulen.

Gjennom arbeid med studieplanar, undervisning og formidling samarbeider dei tilsette med internasjonale fagmiljø og orienterer seg om internasjonal forskning. Deltaking i internasjonale forskingsprosjekt er avgrensa til nokre aktive fagmiljø. Høgskulen ønskjer å stimulere til auka deltaking i internasjonale forskingsprogram. Vi vil og setje fokus på internasjonalisering heime som ein viktig del av dette arbeidet framover.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 1.3

Høgskulen nådde målsetjinga om tal utvekslingsstudentar for 2009. Høgskulen har også god balanse mellom inn- og utreisande studentar.

Dei aller fleste bachelorprogram i HSF har lagt til rette for delstudium i utlandet gjennom institusjonsavtalar. Dei fleste samarbeidspartane våre er i Europa, men høgskulen samarbeider og med institusjonar i andre delar av verda.

Gjennom oppbygging av Global Knowledge har høgskulen etablert samarbeid med mange institusjonar i Zambia. Systematisk kontakt med eit afrikansk land har gitt nye perspektiv inn i fleire utdanningar ved høgskulen. Å ta imot afrikanske studentar og tilsette har vore krevjande og utviklande for både tilsette og studentmiljøet ved høgskulen.

Utdanningane våre er ulike, og avdelingane har hatt ulikt fokus på å utvikle tilbod for innreisande studentar. Nokre avdelingar har laga eigne semesterprogram. Sjukepleie-utdanninga har lagt ned eit betydeleg arbeid med å tilby praksisstudier i Sogn og Fjordane for engelskspråklege studentar. Eit par avdelingar har hatt som strategi å tilby undervisning på engelsk for alle dersom det er internasjonale studentar på eit emne. Høgskulen opplever at mange norske studentar helst ønskjer undervisning på norsk, og at det i nokre fagmiljø er ein høg terskel å få lærarar til å undervise på engelsk. Å sikre dei tilsette god kompetanse i engelsk er avgjerande for å lukkast med internasjonaliseringa.

Dersom eit utanlandsopphald skal vere vellukka for studentane, krev det kvalitetssikring og godt samarbeid med mottakande institusjon. Dette arbeidet er langsiktig og ressurskrevjande, og høgskulen arbeider med å finne ein balanse mellom forventningar og ressurstilgang.

Arbeid med internasjonalisering i utdanningane er forankra i høgskulen si leiing og ordinære styringsorgan. Det er utfordrande å få til eit breitt engasjement for dette arbeidet i fagmiljøa.

Sektormål 2

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal klasse i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskular som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområde dei tildeler doktorgrad.

Verksemdsmål 2.1

Dei statlege høgskulane skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen.

Styringsparameter 1

Publikasjonspoeng, NFR-midlar og EU-midlar per stilling i 2009 skal aukast frå 2008

Resultatindikator	Resultat				Resultat- mål	Ambisjons- nivå
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Publikasjonspoeng per stilling	0,23	0,16	0,12	0,19	0,20	0,22
Publikasjonspoeng i alt	40,7	28,8	20,6	34,9	36	40
NFR-tildeling per stilling	19.966	27.447	18.958	17.011	27.000	22.000
EU-tildeling per stilling	2.178	2.630	923	3.033	3.000	3.500

Styringsparameter 2

Vi skal ha auka merksemd kring vitenskapleg publisering, og m.a. skipe til eit kurs om skriving av artiklar for fagfelleverderte publiseringskanalar.

Styringsparameter 3

HSF skal i 2009 få eit prosjekt innanfor NFR sitt "Strategiske høgskuleprogram".

I 2009 vart det spesielt lagt opp til at Høgskulen skulle auke publikasjonspoenga. I 2008 hadde Høgskulen 20,6 publikasjonspoeng. I 2009 har dette auka til 35 poeng, eller 0,19 poeng per fagleg stilling. Dette er ei betydeleg betring sidan 2008. Men skal vi nå det langsiktige målet om å vere blant dei høgskulane som publiserer mest per stilling, må auken halde fram i åra som kjem.

Høgskulen har i 2009 hatt høg merksemd kring dette, og har m.a. vedteke og sett i verk ein eigen plan for vitenskapleg publisering. Planen har følgjande hovudavsnitt:

1. Auke dei generelle ferdigheitene i forskning og utviklingsarbeid
2. Auke dei spesielle ferdigheitene med å presentere fou i publiserbar form
3. Utvikle råstoffet for publiseringsaktivitet ved å auke omfanget av relevant forskning
4. Strategisk tilrettelegging for publisering
5. Konkretisere organisasjonen sine strategiar og målsetjingar for publisering
6. Auka merksemd og anerkjenning til dei som publiserer

Heile planen er her:

<http://www.hisf.no/no/content/download/19594/129749/file/Handlingsplan+for+publ.okt.09.pdf>

Styringsparameter 4

Med grunnlag i midtvegsrevisjonen av fou-strategien arbeide særskilt med å få til ei tenleg organisering av fou-gruppene ved Høgskulen.

Midtvegsrevisjonen av fou-strategien ved Høgskulen førte til vedtak om at ordninga med seks forskingsgrupper vart forlengd fram til 1.8.2011. Hovudrevisjonen skal gjennomførast som ein tostegs prosess, der ein først (våren 2010) skal drøfte prinsipp for utforming av ein fou-strategi, m.a. ut frå nasjonale føringar om samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon i forskingsstrategien og føringane i strategiplanen. Her vil ein òg vurdere korleis ein skal realisere strategiplanens målsetjingar om at høgskulen skal vere i den nasjonale forskingsfronten på utvalde forskingsområde.

Styringsparameter 5

Vi skal styrkje den internasjonale profilen på forskinga ved HSF, og skippe til seminar med internasjonalt forskingssamarbeid som tema.

Spørsmålet om internasjonalt forskingssamarbeid vart ved fleire høve drøfta i høgskulens fou-utval. Det vart etablert kontakt med Forskingsrådet og Senter for internasjonalisering av høgre utdanning (SIU) om eit seminar. Seminaret vert skipa til i april 2010. Også Vestlandsforskning og Lerum Fabrikker vil delta på seminaret.

Styringsparameter 6

Gjennom særskilte tiltak for kompetanseheving vil vi styrkje den profesjonsretta forskinga ved høgskulen

Profesjonsforskninga, i vid forstand, ved høgskulen har dei siste åra vorte prioritert ved tildeling av stipendiatstillingar og førstelektormidlar. Dette gjeld også deltaking på kurs i vitenskapsteori og akademisk skriving. I 2009 vart det skipa til eit eige forum for dei som arbeider med opprykk til førstelektor. Forumet har ca 15 deltakarar frå profesjonsutdanningane, særleg sosialfag og helsefag. Eit profesjonsforskningsprosjekt var mellom dei tre søknadene HSF i 2009 sende inn til NFRs Strategiske høgskuleprogram (SHP).

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 2.1

Høgskulen hadde i 2009 ein bra auke i den vitenskaplege publiseringa. HSF har òg sett i verk fleire tiltak for å auke denne publiseringa, og det er stor merksemd kring dette i organisasjonen. Fleire fagmiljø arbeider òg med å få til vitenskaplege antologiar, men det er mest "trøkk" kring å skrive artiklar i fagfelleverderte tidsskrift.

Oppfølging av handlingsplanen for vitenskapleg publisering er i gang. Høgskulen skipa i 2009 til eit kurs i vitenskapleg skriving. To nye kurs vert skipa til i 2010. Det vert lagt vekt på auka intern

merksemd kring vitenskaplege publikasjonar. Internasjonalt forskingssamarbeid vert sett på dagsorden.

Høgskulens nye strategiplan, som vart vedteken av styret hausten 2009, har ambisiøse målsetjingar når det gjeld publisering: HSF skal vere mellom dei høgskulane som publiserer mest per fagstilling. Det er eit stykke å gå før høgskulen kjem hit, men dette er eit viktig mål å strekkje seg etter. Strategiplanen slår òg fast at HSF skal vere i den nasjonale forskingsfronten på nokre område, at vi skal styrkje den internasjonale profilen på forskinga og at vi skal leggje til rette for samarbeid med Vestlandsforskning.

Høgskulen klarte ikkje å auke løyvingane frå Forskingsrådet i 2009. Det vil seie at vi ikkje nådde opp i konkurransen om NFR-midlar, heller ikkje i Det strategiske høgskuleprogrammet, der vi sende inne tre søknader. Alle HSF-søknadene var med i siste runde, men ingen av dei nådde heilt opp.

I 2009 var Høgskulen ikkje part i nokon forskingssøknad til EU. Men Høgskulens ingeniørutdanning vart i 2008 deltakar i eit nytt EU-prosjekt som gjeld bruk av dataloggarar i naturfagundervisning i skulen. Prosjektet vart tildelt 200 000 EURO (6 mill. kroner) over ein periode på to år. Høgskulen er éin av fem partnarar. Dei andre kjem frå Danmark (prosjektkoordinator), Nederland og Irland.

Både når det gjeld søknader til EU-finansierte forskingsprogram og til NFR har høgskulen eit arbeid å gjere. Sterkare fagleg konsentrasjon av forskinga *kan* vere ein veg å gå. Betre samarbeid med andre institusjonar er òg nødvendig.

I databasen Forskdok er det for 2009 (per 21.2.10) registrert 324 fou-resultat for HSF-tilsette. Tilsvarande tal for 2008 var 355. Avdeling for lærarutdanning og idrett merkjer seg ut med særleg mange registreringar.

Høgskulen har i 2009 utvikla samarbeidet med Vestlandsforskning kring forskingsprogrammet innanfor ”Fornybar energi”. Programmet omfattar førebels ein professor og tre doktorgradsstipendiatar, og er i hovudsak finansiert av energiselskapa i Sogn og Fjordane. I 2009 var Høgskulen med og etablerte eit nytt samfunnsfagleg senter for energiforskning; CenSES; *Centre for Sustainable Energy Studies*. Dei andre forskingsinstitusjonane bak CenSES er UiO, NTNU, Sintef, Institutt for energiteknikk (IFE), NHH, SNF og Vestlandsforskning. Til saman vil dette senteret når det er fullt utbygd bestå av rundt 60 forskarar og dr.gradsstipendiatar. Seks stipendiatstillingar er no under utlysing.

Når det gjeld profesjonsretta forskning, har denne vorte sterkt prioritert ved tildeling av kompetanseressursar ved høgskulen siste åra.

Verksemdsmål 2.2

Høgskular med forskarutdanning skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet, som er innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.

Styringsparameter 1

Talet på avlagte doktorgrader dei neste åra skal vere 3-5

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål	Ambisjonsmål
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitenskapleg årsverk	0,011	0,023	0,018	0,022	0,025	0,027
Talet på avlagde doktorgrader	2	4	3	4		5
Andel disputerte doktorgradskandidatar av opptekne personar på doktorgradsprogram fem år tidlegare el. før	-	-		-	1 av 4	Halvparten

Fire personar som har vore tilsette i stipendiatstillingar ved HSF, disputerte i 2009. I tillegg disputerte ein som har vore tilsett ved HSF sidan 2007, men som fekk si doktorgradsutdanning i stipendiatstilling ved HiVolda.

Tabell 2.1 Nye doktorgradsavtalar, heile 2009

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Humanistiske fag	1					
Medisinske fag			1			
Samf.vitsk fag					1	1
Totalt	1	0	1	0	1	1

Det vart i 2009 inngått i alt tre nye doktorgradsavtalar. Berre éin av desse avtalane (humanistiske fag) galdt ei tildelt stipendiatstilling frå departementet. Dei to andre avtalane galdt ei NFR-finansiert stilling og ei stilling finansiert av andre tilskotsparter (fornybar energi-programmet). To stipendiatstillingar som vart utlyste i 2009, er framleis under tilsetjing. I nokre fag har det vore vanskeleg å skaffe kvalifiserte søkjarar.

Tabell 2.2 *Samtlege doktorgradsavtalar, haust 2009*

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Allmennlærer/ped	7	3	1	1		
Helsefag	3	2				
Økonomiske fag	1					
Sosialfag	2	2				
Samfunnsvitsk. fag	3	1			1	1
Idrettsfag	4					
Mat/nat-fag	1					
Medisinske fag			1	0		
Humanistiske fag	1					
Totalt	22	8	2	1	1	1

Vi har no i alt 25 registrerte doktorgradsavtalar. 10 av dei 25 er kvinner. Dei siste åra er det mange kvinner som har disputert hos oss. Fire dr.gradsavtalar er eldre enn fem år. Tre av desse gjeld menn. Vi vurderer no ei ordning der vi etter søknad vil tildele ekstra midlar for fullføring av doktorgradsarbeidet.

Tabell 2.3 *Avlagde doktorgrader i 2009*

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner	Totalt	Kvinner
Mat/nat fag	1	1	1	1		
Samfunnsvitsk. fag	1					
Allmennlærer/ped	1	1				
(Humanistiske fag)	(1)					
Totalt	3 + (1)	2	1	1		

Fire personar, tre kvinner og ein mann, disputerte i 2009, ved UiO (2), UiB og NTNU. Éi av desse har siste 1 ½ åra arbeidd ved UMB, men har vore doktorgradsstipendiat hos oss 2003-2007. Ein fjerde person, som har vore tilsett hos oss sidan 2007, disputerte også. Han har tidlegare vore stipendiat ved HiVolda.

Styringsparameter 2

Talet på opprykk til førstelektor skal dei neste åra vere 2-3 per år.

Styringsparameter 3

Vi skal i 2009 gjennomføre samlingar for alle doktorgradsstudentar og for dei som arbeider med førstelektoropprykk

Høgskulen hadde i 2009 eitt opprykk til førstelektor. Éin søknad om opprykk var avslått i 2009. Høgskulen har etablert eit eige forum for dei som arbeider med opprykk til førstelektor. Her vert det lagt vekt å gå gjennom krava for førstelektoropprykk, utforminga av ”kappa”, dokumentasjon av pedagogisk arbeid og utviklingsarbeid, presentasjon av prosjekt og utkast til artiklar. Høgskulen gjennomførte ikkje eiga samling for doktorgradsstudentane i 2009.

Styringsparameter 4

Alle avdelingane ved Høgskulen skal sørge for systematisk individuell kompetanseoppbygging og karriereutvikling

Styringsparameter 5

Vurdere mogleg intern avdelingsvis mentorordning for doktorgradsstudentar og for dei som arbeider med opprykk til førstelektor

Styringsparameter 6

Forskningsgruppene som er under utvikling, skal få eit særskilt ansvar for å etablere faglege nettverk som òg ivaretek behova til stipendiatane

Å vere stipendiat ved ein høgskule utan eiga doktorgradsutdanning kan i blant vere ei fagleg og sosial einsleg oppgåve. HSF har på nokre område, særleg knytt til ped/lærarutdanning og idrett mange stipendiatar. Også innanfor helsefag og sosialt arbeid veks talet på stipendiatar. Ordninga med forskingsgrupper og forskingsleiarar fungerer bra overfor desse og nokre andre stipendiatar. Formelle mentorordningar er delvis utvikla ved nokre av avdelingane, særleg for dei som arbeider med førstelektorkvalifisering, som ikkje har eigne rettleiarar. Når det gjeld stipendiatar, er nokre av våre tilsette formelle birttleiarar.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 2.2

Vi er godt nøgde når det gjeld gjennomstrøyminga av doktorgradsstudentane våre. Vi legg òg forholde godt til rette for dei som er i slutfasen. Talet på opprykk til førstelektor har vore relativt lågt. Vi har sett i verk tiltak for å betre dette.

Stipendiatstillingane er eit vesentleg tiltak for høgskulens kompetanseoppbygging. Dei fleste av dei som har disputert, har halde fram i fagstillingar ved HSF. Ei langsiktig oppbygging av gode faglege miljø ved HSF er heilt avhenging av eit jamt tilsig og rekruttering av personale som har teke doktorgraden mens dei har vore tilsette ved høgskulen.

Sektormål 3

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultat. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdsmål 3.1

Høgskulane skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultat frå fou-verksemda.

Høgskulen sin nye strategiplan, vedteken hausten 2009, er offensiv når det gjeld korleis vi skal verte "Ein open og offensiv høgskule". Planen seier høgskule skal vere synleg og setje spor etter seg, at det utviklast ordningar som stimulerer til engasjerande forskingsformidling og at høgskulen skal stimulere tilsette og studentar til kritisk og konstruktiv deltaking i samfunnsdebatten. Arbeidet med kommunikasjon og formidling skal styrkjast og profesjonaliserast.

Styringsparameter 1

Vi skal vurdere ei omlegging av HSF sin budsjettmodell slik at denne også skal belønne godt formidlingsarbeid

Høgskulens budsjettmodell er ikkje omarbeidd slik at den inneheld komponentar for belønning god formidlingsarbeid. Omfanget av eksterne inntekter er ein komponent i fordelinga av inntekter frå institusjons- til avdelingsnivået. HSF har ein fou-pris. I følgje statuttane kan denne også nyttast til å belønne person som har "utmerka seg med framifrå allmennretta og brukarretta forskingsformidling".

Styringsparameter 2

Vi skal halde fram ordninga med kronikkar i lokal- og regionalaviser med 1-2 kronikkar per månad.

HSF sette i 2007 i gang eit samarbeid med dei to største avisene i fylket og aviskronikkar av tilsette ved høgskulen. Ordninga har halde fram, men talet på aviskronikkar har vorte redusert i 2009.

Styringsparameter 3

Vi skal markere Forskingsdagane 2009 gjennom faglege og publikumsretta seminar, foredrag og andre arrangement.

HSF markerte Forskingsdagane 2009 med fleire arrangement (seminar, foredrag, demonstrasjonar, posters) ved studiestaden i Førde, i samarbeid med Førde kommune, SogFj fylkeskommune og Helse Førde.

Styringsparameter 4

Vi skal stimulere dei tilsette til å ta i bruk nye nettbaserte formidlings-former (Web 2.0 og andre sosiale medium).

HSF er på facebook, og høgskulen har nokre individuelle aktive bloggarar og deltakarar i sosiale ulike sosiale medium. På ulike måtar er nokre av desse med og profilerer høgskulen som ein aktiv deltakar i samfunnsdebatten.

Styringsparameter 5

HSF sitt opne arkiv (HSF Brage) skal utviklast til å inkludere dei fleste forskningspublikasjonar ved HSF.

Primo februar er berre to forskingsartiklar og to HSF-rapportar frå 2009 publiserte i Brage. Truleg vil talet på artiklar auke; mange forlag tillet publisering i institusjonelt arkiv først etter ein embargo på 6-12 mnd . Veksten i Brage for 2009 skuldast hovudsakleg masteroppgåver og bacheloroppgåver.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 3.1

HSF er ein viktig regional samfunnsaktør. Høgskulen møter likevel innvending frå omgivnadene at vi er for lite synlege, og særleg at det for få av fagfolka våre som er aktive deltakarar i samfunnsdebatten. Den nye strategiplanen, vedteken i 2009, har klare formuleringar om korleis HSF skal verte "Ein open og utoverretta høgskule", som er synleg og set spor etter seg. I 2009 har høgskulens utoverretta faglege arbeid vore knytt til strategisk samarbeid på viktige faglege felt, som t.d. fornybar energi, geofare og leiingsutfordringar i velferdsetatar. Den allmenne formidlinga i lokalaviser, gjennom Forskingsdagane o.l. har halde fram med litt lågare omfang enn året før.

Verksemdsmål 3.2

Høgskulane skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping

HSF er først og fremst høgskule som utdannar kandidatar for dei offentlege tenesteytande sektorane, innanfor barnehage og skule, helsestell og sosialsektor. Få av utdanningane våre utdannar kandidatar til næringslivet. Dette avspeglar også forskings- og utviklingsaktiviteten vår. Mesteparten av den er retta mot behova i det offentlege. Høgskulen vert likevel rekna som ein vesentleg utviklingsaktør i fylket, også når det gjeld næringsliv. HSF er med i VRI-programmet til NFR, også i styret, sit i styret for Kunnskapsparken i SogFj, i Bedriftsnettverket i fylket osv. Høgskulen avslutta i 2009 eit større forskingsprosjekt som studerte omstillingsarbeidet i kommunane Årdal, Høyanger og Flora. Høgskulen har i mange år også vore i førarsetet for eit omfattande arbeid med entreprenørskapsarbeid i skulen. Siste åra har høgskulen saman med Vestlandsforskning utvikla eit forskingsprogram for Fornybar energi, finansiert i hovudsak av energiselskapa i fylket. Høgskulen deltek gjennom dette også i arbeidet i Vindkraftforum.

Styringsparameter 1

Vi skal stabilisere omfanget av eksternt finansiert verksemd i 2009

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål	Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2009	2010
Oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i forhold til samla driftsinntekter	-	-	6,7 pst	9,8 pst	-	9,0 pst
Inntekt av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (1000 kroner)	10.095	15.099	17.526	25.253	16.500	25.000
Mottekne forretningsidear						
Nyoppretta selskap baserte på mottekne forretningsidear						
Eventuelle eigne resultatindikatorar						

(Dei andre indikatorane er ikkje aktuelle for oss)

HSF har hatt ein sterk auke i den bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten i 2009. Inntektene har auka med over 40 pst. Auken har m.a. samanheng med at høgskulen har hatt ein del store oppdrag, m.a. leiaropplæring for skuleleiarar og barnehagestyrarar i Bergen kommune og førskulelærarutdanning for Asker kommune; store samarbeidsprosjekt med næringslivet, som forskingsprosjektet Fornyar energi for energiselskap i fylket og utvikling av Forskingssenter for geofare (Sparebanken Vest) og fleire andre større utviklings- og konsulentoppdrag. Gjennom eininga HSF Oppdrag har høgskulen også profesjonalisert arbeidet sitt som tilbydar.

Styringsparameter 2

Vi skal saman med regionale aktørar skipe til ein signalkonferanse for regionen i 2009

Høgskulen saman med Sparebanken Vest, Sogn Næring og Lerum Fabrikker skipa til ein næringskonferanse i Sogndal i 2008. Den neste konferansen vart planlagt til hausten 2009. Konferansen vert arrangert 4 mars 2010, med tema "Korleis utvikle eit sterkt regionsenter i Sogn?"

Styringsparameter 3

Vi skal initiere og realisere fleire regionale fou-samarbeidsprosjekt

Høgskulen har i 2009 samarbeidd med og fått tilskot frå Sparebanken Vest til utvikling av Forskingssenter for geofare. Sparebanken Vest har òg ytt viktige bidrag til eit forskingsprosjekt som kartlegg aktivitetsnivået blant nordmenn. Dette er eit nasjonalt prosjekt i regi av NIH. HSF har ansvaret for vestlandsdelen. SpV har finansiert ei regional utviding av prosjektet. Fylkeskommunen har i fleire år ytt bidrag til fagutvikling ved idrettsstudiet vårt. For Sogn Regionråd arbeider HSF med skuleutviklingsprosjektet Snu Sogn.

Styringsparameter 4

I samband med evaluering av entreprenørskapsarbeidet i skulane i fylket i 2009 skal vi systematisere og dokumentere HSF sitt arbeid på dette feltet

Dette har Høgskulen ikkje fått til i 2009.

Styringsparameter 5

Vi skal byggje ut kontakten med det regionale næringslivet gjennom samarbeid med Kunnskapsparken, Bedriftsnettverket og VRI-prosjektet

HSF er representert i styret for Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, VRI SogFj. (styreleiar) og Bedriftsnettverket i Sogn og Fjordane. To av teamleiarane i VRI i 2009 arbeidde ved HSF. Ein HSF-tilsett er dagleg leiar for Bedriftsnettverket, som m.a. har arbeidd med utvikling av ei ordning for Bedrifts-PhD her i fylket.

Styringsparameter 6

Vi vil utvikle det langsiktige samarbeidet med energiselskapa i fylket når det gjeld forskning og utdanning om fornybar energi

Avtalane har vart gjorde i 2008. Arbeidet har vorte ført vidare i 2009, med m.a. seminar om Fornybar energi ved Høgskulen og oppfølgingsmøte med partnerane. Høgskulen har delteke på fleire andre arenaer i fylket der fornybar energi har vorte drøfta. Sist sommar vart arbeidet presentert over ei heilside i Aftenposten. Det har vorte laga ein studieplan for eit bachelorstudium i Fornybar energi. Studiet er lyst med oppstart i august 2010. Høgskulen og Vestlandsforskning er begge partnerar i forskingssamarbeidet CenSES, *Centre for Sustainable Energy Studies*.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 3.2

Høgskulens inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet er aukande. Fleire spennande og relativt langsiktige avtalar har vorte gjort siste åra. Høgskulen har styrkt sin posisjon som samarbeidspart for næringslivet. I aukande grad er høgskulens kompetanse etterspurd også i nabofylka og andre stader i landet. Høgskulens fagmiljø innanfor leiaropplæring i skule og barnehage er viktig på dette området.

Høgskulen har byrja å orienterte seg om det andre høgskular og universitet har gjort når det gjeld å utvikle ein policy for immaterielle rettigheter og handteringa av desse. Høgskulen vil i 2010 setje i gang eit internt arbeid med dette. Vi ønskjer å få dette til i samarbeid med Vestlandsforskning og med av høgskulane i samarbeidsnettverket UH-Nett Vest.

Sektormål 4

Høgskulen skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnyttinga av ressursane.

Utvikling i studenttalet og studiepoengproduksjonen er dei viktigaste risikoparametrane i den strategiske og økonomiske planlegginga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Studiepoengproduksjonen har variert mykje sidan finansieringsmodellen vart innført i 2002, og variasjonar i løyvingnivået har blitt utjamna ved å sjå fleire år i samanheng. Vi har i løpet av 2000-talet opplevd eit synkande studenttal, med ei uvisse kring korleis den økonomiske situasjonen skal utvikle seg. I løpet av 2009 vart ein negativ rekrutteringstrend snudd, og vi fekk eit vesentleg betre studentgrunnlag enn høgskulen har hatt på mange år.

Den økonomiske styringa ved høgskulen er god og overskotet er på 6,8 mill kr i 2009. Årsaka til dette trur vi er at høgskulen har ein oversiktleg og forståeleg budsjettmodell.

Budsjettmodellen kanaliserer aktiviteten i studieprogrammet om til økonomiske ramar for avdelingane i form av tildelte årsverk. Det er stor lojalitet i organisasjonen til å styre etter denne parameteren, ved at årsverkrama også blir einingane sine viktigaste styringsparameter.

Høgskulen har tilsvarande rammestyring i nivået på dei administrative tenestene som blir styrt etter årsverk basert på eit høvestal i høve faglege årsverk. Men høgskulen har ein relativt desentralisert struktur som skapar utfordringar med å ha tilstrekkeleg bemanning på sentrale område.

Mange av oppgåvene er så spesialiserte at dei må utførast på fellesnivået og gjerne bemannast med ein eller eit fåtal personar. Dette gjer oss sårbare når folk sluttar eller vi får vakans av andre grunnar. Å få samla aktiviteten i Sogndal i eit felles bygg med felles administrative ressursar vil forhåpentlegvis medverke til betre kvalitet og mindre sårbarheit.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har ikkje aksjar i randsoneaktivitet, men forsøker å utvikle samarbeid tufta på samarbeidsavtalar. Dette gjeld i tilhøvet Vestlandsforskning, Helse Førde og fylkeskommunale og statlege etatar. HSF er medstiftar i tre stiftingar i Sogn og Fjordane. Dette fører ikkje til økonomiske forpliktingar for HSF.

Høgskulen vedtok etiske retningslinjer i mars 2009. Organisasjonen vil arbeide vidare med å integre og konkretisere dei etiske retningslinjene i organisasjonen.

Med ei relativt lita og effektiv bemanning har Høgskulen i Sogn og Fjordane vald å sentralisere mykje av innkjøpsfunksjonen. Tilslutning til innkjøpstenesta til Sogn og Fjordane fylkeskommune og deltaking på anbod og rammeavtalar i sektoren, gjer at vi sikrar kvalitet og effektivitet på innkjøpsområdet. Storleiken på institusjonen og sentraliseringa av funksjonen gjer at vi meiner vi har relativt god styring og oversikt over innkjøpsområdet.

Internkontrollen ved HSF vert ivareteken gjennom utføringa av rutinar og kontrollhandlingar fastlagt i høgskulen sitt kvalitetssystem. Det vert laga prognoser med basis i risikovurderingar på område som studentrekruttering, studiepoengproduksjon og derav løyvingnivå, og effekten av langsiktige omstillingstiltak. Det er ikkje innført eigen internkontrollfunksjon.

Verksemdsmål 4.1

Høgskulane skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk som medverkar til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterer institusjonen sine oppgåver og ansvarsområde.

Rekrutteringssituasjonen varierer mellom fagområde slik det har gjort i lang tid. Vi har hatt om lag like mange utlyste stillingar i 2009 som tidlegare år. Innafor fagområde , der vi konkurrerer med næringslivet, slik som bedriftsøkonomiske fag, har vi store vanskar med rekrutteringa. Elles merkar vi at det har skjedd ein generell kompetanseheving i søkjarmassen innafor helse- og sosialfaga, slik at vi kan lukkast betre med oppbygging til førstekompetanse.

Styringsparameter 1

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2006	2007	2008	2009	
Del førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar og formidlingsstillingar	25,4	28,2	28,2	25,4	30

Nedgangen i førstestillingskompetanse har samanheng med at fleire med førstekompetanse har blitt pensjonistar, samstundes som nyrekruttering som regel skjer på lektornivå i HSF.

Det er stort fokus på kompetanseoppbygging i heile organisasjonen. Ved avdeling for helsefag var 19 av 40 årsverk innan undervisnings- og forskarstillingane høgskulelærarar i 2005. I 2009 var det 5. Det har stort sett skjedd ved kompetanseoppbygging og ikkje nyrekruttering.

I 2009 fekk tre tilsette opprykk til dosent, fire tilsette gjennomførte doktorgrad og ein fekk opprykk til førstelektor. Vi har 25 som er opptekne på ulike doktorgradsprogram og 6 på førstelektorprogram. Dei to stipendiatstillingane som vart lyst ut i 2009, ei innanfor sosialforskning og ei i organisasjonsfag, er framleis under tilsetting.

Verksemdsmål 4.2

Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Vi ser at kvinnedelen i høgare akademiske stillingar aukar. Stadig fleire kvinner tek doktorgrad eller kvalifiserer seg til førstelektor.

Styringsparameter 1

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2006	2007	2008	2009	
Andel kvinner, totalt	54	55	55,4	55,7	56
Andel kvinner i førsteamanuensisstillingar	16	21	18,1	20,9	22
Andel kvinner i førstelektorstillingar	18	21	25,6	29,3	27
Andel kvinner i høgskulelektorstillingar	55	57	61,2	62	62

Kvinnedelen i professor/dosent stillingane er på 38,5%

Vi har ei positiv utvikling når det gjeld kompetanseheving blant kvinner, og andelen har auka i alle stillingskategoriane i 2009.

Styringsparameter 2

Minst 50 % av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner.

Høgskulen arbeider aktivt for å få fleire kvinner med høgare kompetanse. I stipendiatstillingane er andelen kvinner omlag 40% i 2009.

Styringsparameter 3

Oppretthalde eit lågt sjukefråver på 4,2%.

Høgskulen i Sogn og Fjordane må seiast å ha eit lågt sjukefråver, og det har lege på mellom 4 og 5% dei siste åra. I 2008 var sjukefråværet 4,2 %. I 2009 låg sjukefråværet i Høgskulen på 4,3 %. HSF arbeider systematisk både i forhold til førebygging og oppfølging av sjukefråvær og vil halde fram med dette arbeidet.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 4.1 og 4.2

Høgskulen i Sogn og Fjorden opplever ei positiv utvikling med omsyn på framtidig kompetanseutvikling, sjølv om vi opplever ein nedgang i 2009. Vi opplever stor interesse og aktivitet for vidare kvalifisering.

Høgskulen arbeider med å profesjonalisere rekrutteringsarbeidet og har dei siste åra arbeidd med å forbetre profilen, mellom anna ved annonsering av stillingar. Næringslivet i fylket samarbeider gjennom eigen nettportal, Framtidsfylket, for å presentere Sogn og Fjordane som eit attraktivt kompetanse, bu og arbeidsområde. Det vart også arrangert rekrutteringsmesser i dei tre største byane i Noreg der bedrifter frå fylket presenterer seg. Vi vurderer slike arenaer til å vere ein viktig møteplass for unge menneske som er interessert i Sogn og Fjordane, og ein viktig arena for å samarbeide med næringslivet i fylket om rekruttering.

Størsteparten av dei vi rekrutterer er utan førstekompetanse. Det vert ein viktig jobb å leggje til rette for vidare kompetanseløp slik at tilsette kan søkje stipendiatstillingar og kvalifisere seg vidare. Avdelingane arbeider aktivt med kompetanseheving og svært mange er inne i kvalifiseringsløp enten mot lektorkompetanse eller mot førstekompetanse. Styret har i 2009 prioritert stipendiatstillingar innanfor sosialfag og organisasjon og leiing.

Vi har ikkje nådd målet om å auke kvinnedelen i førsteamanuensisstillingane. Det er små tal vi måler ut frå og når 1-2 personar sluttar, får det merkbare utslag i prosenttering. Kvinnedelen i førstelektorstillingane har auka slik det også har gjort i lektorstillingane.

Likestillingstiltak har vore særskilt prioritert i førskulelæraryrtdanninga som mottok likestillingsprisen i 2009 for arbeidet med å rekruttere menn til førskulelæraryrket.

Vi har arbeidd med leiarutvikling med fokus på arbeidsmiljø og konflikthandtering i 2009. Dette var hovudtema på personalsamling for alle tilsette i januar og tema på leiarsamling i november.

Verksemdsmål 4.3

Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.

I 2009 betra rekrutteringssituasjonen seg vesentleg ved HSF og midlane høgskulen fekk gjennom regjeringa sin tiltakspakke og Revidert budsjett 2009, var eit godt tilskot til å betre den økonomiske situasjonen for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Den venta veksten i ungdomskulla i åra som kjem, gir god von om at det økonomiske fundamentet skal kunne halde seg framover.

Likevel vil vi ha ei utfordring i å halde kontroll på økonomien generelt og lønnskostnadene spesielt. Vi merkar lønnskostnadene er under press både for å rekruttere og for kunne halde på kompetent personale.

Vi opplever det vanskeleg å framstille den reelle økonomiske situasjonen i høgskulen for styret på ein pedagogisk måte. Endringar i rekneskapsmalen gjer det vanskeleg å gjennomføre samanlikningar år for år. Det gjer og at tabellen under som viser resultatet frå den bevilgningsfinansierte aktiviteten ikkje let seg samanlikne med det som stod i fjor, då oppsettet er endra.

Bevilgningsfinansiert verksemd	2009
Løyving frå KD	240 018
Salg av utstyr og lignende	0
Andre inntekter	1 911
Internt sal av undervisning, overføring av løn frå prosjekt, interne løyvingar	11 326
Sum driftsinntekter	253 254
Lønnskostnader	-157 706
Investeringer og påkostningar	-5 375
Andre driftskostnader	-45 776
Husleige og drift av bygg inkl elektrisitet	-46 210
Sum driftskostnad	-255 068
Driftsresultat	-1 814
Netto Finanspostar	42
Resultat før avsetnader og overføringar	-1 772
Disponeringar/avsetningar:	
Endring i avsetningar	6 566
Dekningsbidrag frå prosjektverksemd	3 379
Subsidiering til prosjekt	-1 372
Resultat fra ordinær verksemd i 2008	6 801
Inndecka resultat frå året før inkl i resultatet	6 811

Løyvinga frå departementet i 2009 var på 240,018 mill kr i 2009. Høgskulen mottok 1,9 mill kr i andre inntekter og 11,3 mill kr i form av internt sal, prosjekt, kursinntekter, tilskot og gåver. Dette gir ei driftsinntekt på 253 254 mill kr i 2009.

Driftskostnadene var på 255,068 mill kr. Dette gir eit underskot før avsetnader og overføringar på 1,772 mill kr. Avsetnadene er på 34 mill kr, ein auke på om lag 6,566 mill kr frå 2008.

Dekningsbidrag frå eksternfinansiert aktivitet er på 3,379 mill kr.

Høgskulen går med eit overskot etter avsetnader på 6,8 mill kr i 2009, det same som i 2008.

Overskotet er i hovudsak knytt til innsparing i lønnskostnader. Avdelingane fekk auka sine årsverkrammer frå hausten 2009. Det tek tid å rekruttere til nye stillingar og dette gir innsparingar som følgje av etterslep i iverksettinga av eit høgre aktivitetsnivå.

HSF har hatt ein sterk auke i den bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten i 2009. Inntektene har auka med over 40 pst, og har samanheng med at høgskulen har fått ein del store oppdrag i regi som i hovudsak skjer ved ALI, AØR og AIN.

Styringsparameter 1

Ingen vesentlege merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2009
	2006	2007	2008	2009	
Merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen	0	0	0	0	0
Resultat EFV	17 000	130 000	175 000	83 000	200 000

Høgskulen i Sogn og Fjordane har ikkje hatt merknader frå Riksrevisjonen i dei siste fire åra. Vi har i 2009 helde fram arbeidet med å forbetre økonomisystemet for å betre styringa med oppdrags- og bidragsverksemda.

Frå årsskiftet 2009 har vi teke i bruk Agresso anleggsmodul som verktøy for anleggsregistrering.

Vi arbeider kontinuerleg med å gå gjennom arealbehov og lokalløysingar med sikte på størst mogeleg kostnadseffektivitet i arealbruken ved å halde god framdrift i planlegging og bygging av nytt sentralbygg.

Avsett andel av tilskot til bevilgningsfinansiert verksemd er i 2009 auka med 6 mill kr tilsvarande 3 % i forhold til 2008 nivået. Vi hadde målsetting om å redusere avsetnadene i 2009, men dei viser ein lite auke. Det er naturleg at avsetnadene varierer noko år for år. Avsetningane utgjer 14 % av totale løyvingar.

Vurdering av måloppnåing, verksemdsmål 4.3

Høgskulen i Sogn og Fjordane har etter vår vurdering innfridd måla om å auke opptakskapasiteten slik departementet har lagt til grunn i sine rammeoverføringar til institusjonen. Det er positivt at høgskulen har eit overskot som gir muligheiter for strategisk satsing og utvikling. Institusjonen har god kompetanse innan økonomistyring og slik sett god kontroll på utgiftene. Avsetnadene vart noko høgre enn vi planla, men er også eit uttrykk for at det tek tid å rekruttere fagpersonar. Vakans i stillingar fører til dels til at eigne tilsette i noko grad må ta på seg/påleggjast ekstra undervisning.

Sjølv om lønnskostnadene hjå oss er under rimeleg kontroll, opplever vi eit auka lønspress for å få tak i kompetent personale, med risiko for at lønnskostnadene stadig vil auke meir enn lønsveksten som er lagt til grunn frå sentralt hald.

Styret har budsjettert med eit driftsnivå i 2010 som medfører eit planlagt underskot på 2,5 – 3,0 mill. kr. Dette har vore nødvendig fordi resultatløyvingane knytt til veksten i tal studieplassar kjem i ettertid. Styret har føresett at det budsjetterte underskotet i 2010 kan finansierast med overskot frå 2009.

Planar 2010

Sektormål 1

Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdsmål 1.1

Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Styringsparameter 1

Tal primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak (per 15. april) skal vere minst 870 og tal primærsøkjarar per utlyst studieplass skal vera minst 1,2.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010
Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak	718	708	689	1030	870
Primærsøkjarar per utlyst studieplass	1,10	1,04	1,03	1,39	1,20

Styringsparameter 2

Tal nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 800.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert gjennom Samordna Opptak	623	636	581	804	800

Styringsparameter 3

Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 700.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert utanom SO	706	637	710	671	700

Styringsparameter 4

Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.10 skal vere minst 2800 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vere minst 2300.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010
Eigenfinansierte studentar	2625	2628	2472	2768	2800
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar	2126	2116	1992	2246	2300

Styringsparameter 5

Samla kandidatproduksjon ved høgskulen i 2010 skal vere 475.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010
Mastergrad	13	2	14	3	15
Allmennlærer	80	56	54	37	30
Bachelor Førskulelærer	39	10	29	47	30
Bachelor Sjukepleie	101	138	77	118	90
Bachelor Sosialarbeidar	100	103	90	102	100
Bachelor Samfunnsvitskap	7	8	6	10	10
Bachelor Økonomi, Reiseliv, Informasjonsbehandling	64	58	50	52	50
Bachelor Idrett, Friluftsliv	33	54	45	43	60
Bachelor Naturvitskap	15	14	7	8	10
Bachelor Ingeniør	15	5	9	9	10
Fri Bachelor			4	9	10
PPU	78	27	58	18	60
Høgskulekandidat 2-årig	8	0	1	0	0
Samla kandidattal	566	481	444	456	475

Styringsparameter 6

Høgskulen skal arbeide for auka studentrekruttering gjennom å tilby yrkesretta, attraktive bachelorutdanningar.

Styringsparameter 7

Høgskulen skal tilby master i lærarutdanning i samarbeid med Universitetet i Bergen frå 2010, og arbeide for å utvikle masterutdanningar aleine eller i samarbeid med andre innan fagområda idrett, helse- og sosial, økonomi- og administrasjon.

Styringsparameter 8

Høgskulen skal tilby gode og relevante vidareutdanningar med utgangspunkt i dei regionale behova og høgskulens kompetanse.

Styringsparameter 9

Høgskulen skal tilby attraktive kurs og studietilbod med ekstern finansiering som held høg fagleg og pedagogisk kvalitet.

Styringsparameter 10

Høgskulen skal sjå kritisk på kvalitetssystemet og vurdere korleis systemet kan utviklast vidare for å styrke oppfølging av evalueringar og tilbakemelding frå studentar, tilsette og praksisfeltet.

Styringsparameter 11

Høgskulen skal ha studieplanar som er forskingsbaserte og med læringsutbytteomtalar i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.

Styringsparameter 12

Bibliotektenesta i høgskulen skal støtte opp om undervisning og forskning og styrke informasjonskompetansen hos studentar og tilsette.

Styringsparameter 13

Høgskulen skal følgje opp NOKUT-evalueringar og revisjonar av aktuelle utdanningar.

Risikovurdering 1.1

Den største risikoen for at høgskulen ikkje skal nå dei fastsette måla er svakare rekruttering av nye studentar og fråfall i studieløpet.

Høgskulen hadde ein kraftig auke i tal søkjarar og nye studentar til grunnutdanningane i 2009. På grunn av endringar i tilbodet av utdanningar som vert lyst ut i det samordna opptaket, kan det vera grunn til å rekna med noko færre søkjarar i SO-opptaket i 2010. Men høgskulen reknar med at søkjartala vert høge nok til at talet på nye grunnutdanningsstudentar kan haldast på same nivå som i 2009. Det er svært viktig at høgskulen lukkast med rekrutteringa til dei nye tilboda om grunnskulelærerutdanning.

Det er rekna med at høgskulen kan rekruttera litt fleire søkjarar gjennom lokale opptak i 2010. Dette har også med kva studium som blir tilbydd. Mellom anna er det planlagt opptak av eitt kull deltidsstudentar i vernepleie i januar 2010.

I forhold til rekruttering av studentar utanfor det samordna opptaket, er høgskulen først og fremst avhengig av framleis å lukkast i samarbeidet med skular, barnehagar og helse- og sosialsektoren om å tilby attraktive vidareutdanningar av god kvalitet. Omlegging av vidareutdanningsaktiviteten for lærarar kan truga høgskulen sine målsetjingar for rekruttering av studentar her.

Rekruttering av nye studentar er påverka av ei rekkje faktorar som høgskulen ikkje har kontroll over. Sannsynlegheita for avvik er dermed relativt stor. Høgskulen arbeider aktivt med studentrekruttering og gjer fortløpande tilpassingar i studieprogrammet for å rekruttera tilstrekkeleg mange studentar.

Verksemdsmål 1.2

Høgskulen skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og godgjennomstrøyming.

Styringsparameter 1

Studiepoengproduksjonen i 2010 skal vera 1950 Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 42 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 51.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2006	2007	2008	2009	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	1973,7	1838,1	1881,1	1849,4	1950
Studiepoeng per eigenfinansiert student	45,1	42,0	45,7	40,5	42
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	55,7	52,1	56,6	49,4	51

Høgskulen har som målsetjing at studiepoengproduksjonen per eigenfinansiert student og heiltidsekvivalent skal vera litt høgare enn i 2009. Under føresetnad av at høgskulen når måla om tal nye studentar og samla studenttal, vil dette gi ein samla studiepoengproduksjon som er høgare enn det som har vore resultatet siste åra.

Styringsparameter 2

HSF skal ha 17,5 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2010

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2006	2007	2008	2009	
Studentar per fagleg årsverk	15,7	17,2	17,8	17,8	17,5

Styringsparameter 3

Gjennomføringsprosent i forhold til avtalt utdanningsplan skal vera 88.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2010
	2006	2007	2008	2009	
Gjennomføring i forhold til avtalt utdanningsplan	95,8%	74,6%	83,6%	82,8%	88%

Styringsparameter 4

Høgskulen skal arbeide for å auke den pedagogisk kvaliteten i utdanningane gjennom tilsettingar, formell kompetanseheving og intern opplæring for fagtilsette. Styrking av pedagogisk basiskompetanse, e-læring og bruk av ikt i undervisninga skal ha særleg fokus.

Styringsparameter 5

Høgskulen skal styrke kvaliteten i praksisopplæringa gjennom god samhandling med praksisfeltet for dei praksisbaserte utdanningane.

Styringsparameter 6

Høgskulen skal vurdere mentorordning og utvikle opplæringsprogram for nyttilsette lærarar.

Styringsparameter 7

Høgskulen skal utvikle biblioteket som god læringsarena med arbeidsplassar som imøtekjem ulike læringsbehov.

Styringsparameter 8

Høgskulen skal ha IKT-løysingar med god brukarfunksjonalitet, driftsstabilitet og sikkerheit som understøttar forskning og undervisning. Høgskulen har mål om Feide-godkjenning i 2010.

Styringsparameter 9

I den årlege kandidatundersøkinga skal minst 75% av dei ferdige kandidatane gi uttrykk for at dei er godt nøgde med studieopphaldet ved HSF.

Styringsparameter 10

Høgskulen skal følgje opp Læringsmiljøundersøkinga, stø opp under Læringsmiljøutvalet sitt arbeid, og legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø for alle studentar.

Styringsparameter 11

Høgskulen skal gjennomføre brukarundersøkingar i samsvar med kvalitetssystemet vendt mot nye studentar og ferdige kandidatar. Neste læringsmiljøundersøking vert planlagt i 2011.

Risikovurdering 1.2

Reduksjon i studiepoengproduksjonen og svekka omdømme som utdanningsinstitusjon er den største risikoen innafor dette målområdet.

For å nå målsetjingane knytt til studiepoengproduksjonen er høgskulen avhengig av å rekruttera mange og motiverte studentar som lukkast i utdanningane sine. Målsetjingane for poengproduksjon per student og ekvivalent er nøkterne med utgangspunkt i resultatet siste åra. Eit avvik frå målsetjinga for den samla studiepoengproduksjonen på 3-4% kan akseptertast.

Nye tilbod om masterutdanning vil vera kostnadskrevjande, og det vil vera avgjerande med god rekruttering for at høgskulen kan halda fram med vidare satsing på dette området.

Styrking av den pedagogiske kompetansen og god oppfølging av studentane er viktig for at høgskulen skal lukkast med målet om god gjennomstrøyming. Arbeidet krev både tid og ressursar. God rekruttering av både studentar og fagtilsette er kritiske faktorar. Gjennom eit

godt mottaksprogram ønskjer høgskulen å gjere det lettare for nytilsette å bli gode undervisarar, og gjere det attraktivt for dei å halde fram i høgskulen. Også dette er eit spørsmål om ressursar.

Høgskulen har tett kontakt og eit godt omdømme i høve praksis- og yrkesfeltet i fylket. Høgskulen ønskjer å styrke kontakten inn mot helse, sosial, barnehage- og skulesektoren. Det vil avhenge av at desse sektorane har tilstrekkeleg ressursar til kompetanseutvikling og tilrettelegging for praksis.

Høgskulen er kjent for eit godt studie- og læringsmiljø. Dette er utvikla over år gjennom tett samarbeid mellom høgskulen og studentorganisasjonane. Dersom talet heiltids grunnutdanningsstudentar vert redusert, eller dersom ein større del at studentmassen går på deltids- og desentraliserte utdanningar, vert grunnlaget for dette arbeidet redusert.

Verksemdsmål 1.3

Høgskulen skal ha omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid med høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.

Styringsparameter 1

Tal utvekslingsstudentar over tre månader skal aukast til 100

Styringsparameter	Resultat					Resultat- mål
	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Utreisande studentar	40	35	34	32	41	45
Innreisande studentar	17	25	46	45	50	55
Total	57	60	80	77	91	100

Styringsparameter 2

Talet på framandspråklege studium eller emne skal aukast til 16

Styringsparameter	Resultat					Resultat mål
	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Tal framandspråklege studium eller emne	2	5	11	14	15	16

Styringsparameter 3

Tal studietilbud i samarbeid med utanlandske institusjonar skal vere 1

Resultatindikator	Resultat					Resultat mål
	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Studietilbud i samarbeid med utanlandske institusjonar	0	0	0	0	1	1

Styringsparameter 4

Mobiliteten skal vere 40 for fagleg tilsette og 5 for administrativt tilsette

Styringsparameter	Resultat					Resultat mål
	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Utreisande	-	-	30	30	20	25
Innreisande	-	-	12	10	14	20
Total			42	40	34	45

Styringsparameter 5

Alle bachelorstudentar skal ha tilbod om å ta ein del av utdanninga ved ein samarbeidsinstitusjon i utlandet.

Styringsparameter 6

Alle bachelorstudium skal ha tilbod om emne i utdanninga som kan takast av utanlandske studentar.

Styringsparameter 7

Høgskulen vil stimulere til auka fagleg samarbeid med utanlandske lærestader og utvekslingsopphald for tilsette.

Styringsparameter 8

Internasjonalisering heime skal vere eit satsingsområde gjennom fagleg tilrettelegging og arbeid for eit aktivt internasjonalt studentmiljø.

Styringsparameter 9

Det skal utarbeidast studiepresentasjonar på engelsk for bachelor- og masterstudium som ikkje har ein fullstendig studieplan på engelsk.

Styringsparameter 10

Høgskulen skal vurdere å søkje om 15 kvoteplassar for dei neste åra med sikte på opptak av studentar frå samarbeidsinstitusjonar i Zambia.

Styringsparameter 11

Høgskulen skal delta i arbeid med UH-Nett Vest om internasjonalisering.

Styringsparameter 12

Internasjonal rekruttering og profilering skal ha høg prioritet gjennom oppdatert informasjon på vev, presentasjonar og skriftleg materiell.

Risikovurdering 1.3

Størst risiko er knytt til måla om auka mobilitet for studentar og tilsette, og å lukkast med søknaden om nye kvotestudentar. Det er også utfordrande å sikre tilstrekkelege faglege og administrative ressursar til arbeidet.

Høgskulen har hatt ei god utvikling i arbeidet med studentmobilitet og utvikling av studietilbod for internasjonale studentar. Studieprogrammet sin eigenart fører i nokre høve til at det er vanskeleg å legge til rette for studentmobilitet. Gjennom utvikling av nye semesterprogram har høgskulen no fleire attraktive tilbod til utvekslingsstudentar gjennom Erasmus og bilaterale avtalar. Satsing på eitt samarbeidsland i Afrika (Zambia) har vore vellukka, og har ført til stor auke i både inn- og utreisande mobilitet. Høgskulen ønskjer å satse vidare på dette, sjølv om det er mange usikre faktorar knytt til eit slikt samarbeid.

Arbeidet med internasjonalisering i høgskulen har vore sårbart ettersom det har kvilt på relativt få personar. For å styrke arbeidet framover, vil høgskulen legge vekt på å ei breiare fagleg forankring av arbeidet. "Internasjonalisering heime" skal ha eit særleg fokus i 2010. Målet er å styrke kunnskap og internasjonalt perspektiv i fleire utdanningar, i studentmiljøet og blant høgskuletilsette. Entusiasme og god forankring i leiinga på ulike nivå er avgjerande for å lukkast med dette.

Sektormål 2

Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemdsmål 2.1

Universitet og høgskular skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og samfunnet elles.

Styringsparameter 1

Publikasjonspoeng per stilling skal vere minst like høg i 2010 som i 2009. NFR-midlar og EU-midlar per stilling i 2010 skal aukast frå 2009.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010
Publikasjonspoeng per stilling	0,23	0,16	0,12	0,19	0,22
(Publikasjonspoeng i alt)	40,7	28,8	20,6	34,9	40
NFR-tildeling per stilling (kroner)	19.966	27.447	18.958	17.011	22.000
EU-tildeling per stilling (kroner)	2.178	2.630	923	3.033	3.500
Andre styringsparameter					

Styringsparameter 2

Høgskulen skal leggje til rette for auka publisering gjennom kurs i akademisk artikkelskriving, ved å leggje vekt på fou-kompetanse ved utlysing og tilsetjing, tildeling av fou-tid og belønning av dei som publiserer.

Styringsparameter 3

Høgskulen skal utvikle betre rettleiings- og støttetjenester for doktorgradsstudentar og forskarar, inkludert tenester som prosjektstyring, it-støtte, bibliotektenester og mentorordningar.

Styringsparameter 4

HSF skal utarbeide eller vere part i fleire søknader til Norges forskingsråd, og oppnå tilslag på minst éin søknad.

Styringsparameter 5

Høgskulen skal starte arbeidet med å utvikle søknader om internasjonale fou-midlar i samarbeid med utanlandske institusjonar, med særleg vekt på søknader om EU-midlar.

Styringsparameter 6

Høgskulen skal starte arbeidet med å revidere satsingsområda for fou med særleg vekt på å drøfte fagleg konsentrasjon av fou-satsinga.

Styringsparameter 7

Høgskulen skal gje tilgang til fleire elektroniske informasjonskjelder og elektroniske tidsskrift, gjerne i samarbeid med UH-nett Vest.

Risikovurdering 2.1

Risiko

Høgskulen har gjennom strategiplanen formulert djerve mål for fou-verksemnda; m.a. skal vi vere blant dei høgskulane som publiserer mest per fagstilling. Å realisere dette målet er krevjande, og vil ta nokre år. Seriositeten i målsetjinga er knytt til at høgskulen gradvis nærmar seg målet. Høgskulen er avhengig av å halde opp "trøkket" kring dette i heile organisasjonen.

Vurdering

Høgskulen hadde god auke i publikasjonspoenga i 2009. For å halde oppe aktiviteten legg Høgskulen i 2010 vekt på fleire målretta tiltak, m.a. vitskaplege skrivekurs, seminar om internasjonalt forskingssamarbeid, betra tilgang til vitskapelege informasjonskjelder osv. Det er lagt konkrete planar for desse tiltaka.

Høgskulen vedtok i 2009 ein egen handlingsplan for vitskapleg publisering. Fou-utvalet har ansvaret for oppfølging av denne. I prosessen med å revidere satsingsområda for fou, skal det leggjast vekt på strategiplanens målsetjing om at høgskulen på nokre utvalde område skal vere i den nasjonale forskingsfronten. Forskinga sin relevans for dei yrka høgskulen utdannar arbeidskraft for, skal òg vurderast i denne samanheng.

Verksemdsmål 2.4

Dei statlege høgskulane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskulane innrette forskingsinnsatsen sin slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Styringsparameter 1

Talet på avlagte doktorgrader skal vere minst fire, og to av dei skal ha opptak fem år eller mindre før disputas

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006	2007	2008	2009	2010
Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitskapleg årsverk	0,011	0,023	0,018	0,027	0,033
Andel uteksaminerte dr.gradskandidatar av opptekne personar på dr.gradsutdanning fem år tidlegare	-	-	-	33 pst	50 pst.

Styringsparameter 2

Talet på opprykk til førstelektor skal vere minst to

Styringsparameter 3

Talet på nye doktorgradsavtalar skal vere minst fire

Styringsparameter 4

Talet på tilsette som går inn i strukturerte førstelektorløp, skal vere minst fire

Styringsparameter 5

Som støtte i arbeidet med førstelektorløp skal HSF utvikle ei rettleiing for dokumentasjon av pedagogisk og anna utviklingsarbeid

Styringsparameter 6

Høgskulen skal medverke til utviklingsarbeid og kompetanseheving i regionen, med særleg vekt på dei store offentlege profesjonssektorane

Styringsparameter 7

Høgskulen skal følgje opp tiltak for studentaktiv forskning og studentmedverknad i forskning i samarbeid med Studentparlamentet

Risikovurdering 2.4**Risiko**

Høgskulen har mange tilsette som er i sluttfasen med doktorgradsarbeid og førstelektorqualifisering. Det kan vere ein risiko knytt til fullføring av kvalifiseringsløpa.

Vurdering

Faren er at fleire av dei det gjeld, kan ha mange undervisningsoppgåver o.a. som gjer at slutføringa av arbeida dreg ut. I større grad enn hittil vil Høgskulen leggje vekt på å få til faste mentorordningar for personale som er i kvalifiseringsløp.

Høgskulen har òg lang tradisjon for å arbeide med kompetanseutvikling i regionen saman med regionale aktørar. Arbeidet vil halde fram også i 2010.

Sektormål 3

Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdsmål 3.1

Universitet og høgskular skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå forskning og utviklingsarbeid.

Styringsparameter 1

Høgskulen skal styrkje formidlingsarbeidet ved å utvikle ordningar som stimulerer til populærvitskapleg publisering og til deltaking i det offentlege ordskiftet

Styringsparameter 2

Høgskulen skal stimulere dei tilsette til å ta i bruk nye nettbaserte formidlingsformer

Styringsparameter 3

Høgskulen skal søkje etter ein trainee mellom anna for å styrkje arbeidet med forskingsformidling

Styringsparameter 4

Høgskulebiblioteka skal også vere ein ressurs i lokalsamfunnet og tilby sine samlingar til folkebibliotek og enkeltpersonar

Styringsparameter 5

Høgskulen skal saman med institusjonane i UH-Nett Vest og eventuelt Vestlandsforskning, starte arbeidet med å lage eigne retningslinjer for immaterielle rettar og opphavsrett

Styringsparameter 6

Høgskulen skal medverke til faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnslivet i Sogn og Fjordane.

Styringsparameter 7

Høgskulen skal leggje til rette for at stipendiatar kan hospitere i bedrifter når det er fagleg tenleg.

Risikovurdering 3.1

Risiko

Sidan formidlingsarbeid ikkje gir utteljing og vi skal ha stor merksemd på vitskapleg publisering i 2010, kan dette gå utover den allmenne formidlinga og den utoverretta aktiviteten.

Vurdering

Vi hadde høg lokal formidlingsaktivitet 2007-2008 med kronikkskriving i aviser og andre tiltak. Slik aktivitet går gjerne i bølger. Vi makta ikkje følgje heilt opp i 2009. Fleire stimulerings tiltak kan auke interessa. Det same gjeld nye sosiale medium og auka vekt på høgskulebibliotekets lokalsamfunnsrolle. Høgskulen vil i 2010 styrkje dette arbeidet gjennom ei traineestilling, som også er knytt til traineeprogrammet til Framtidsfylket AS, ein organisasjon skipa spesielt for å utvikle Sogn og Fjordane som merkevare for jobb og rekruttering.

Verksemdsmål 3.2

Universitet og høgskular skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Styringsparameter 1

Høgskulen skal stabilisere omfanget av eksternt finansiert verksemd i 2010 på 2009-nivå

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål
	2006 (EFV)	2007 (BOA)	2008 (BOA)	2009 (BOA)	2010 (BOA)
Oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i forhold til samla driftsinntekter			6,7 pst.	9,8 pst.	10 pst
Oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i 1000 kroner	10.095	15.099	17.526	25.253	27.000
Talet på mottekne forretningsidear					
Nyoppretta selskap baserte på talet på mottekne forretningsidear					

Styringsparameter 2

Høgskulen skal medverke til nyskaping og innovasjon innanfor sektorar der HSF har fagleg kompetanse

Styringsparameter 3

Høgskulen skal ivareta rolla som regional utviklingsaktør ved å styrkje forskning og utviklingsretta arbeid mot regionen.

Styringsparameter 4

Høgskulen skal styrkje entreprenørskapsarbeidet i skulane i fylket og leggje til rette for egne studentbedrifter.

Styringsparameter 5

Høgskulen skal lage ein handlingsplan for utvikling av eksterntfinansiert forskning.

Styringsparameter 6

Høgskulen skal halde fram samarbeidet innanfor UH-Nett Vest og vere open for eit mogleg Vestlandsuniversitet.

Risikovurdering verksemdsmål 3.2

Risiko

HSF er ein utoverretta institusjon, og deltek i større grad enn høgskular flest i samarbeidsprosjekt av mange slag med regionale aktørar. Særleg gjeld dette innan dei profesjonsfelte høgskulen utdannar studentar for. I aukande grad samhandlar HSF òg med lokalt og regionalt næringsliv. Dette er krevjande. Det er venta at høgskulen skal vere med på mange arenaer.

Vurdering

Siste par åra har HSF (saman med Vestlandsforskning) gjort avtalar med energiselskapa i fylket om eit eige forskingsprogam i Fornybar energi. Tilskota er nærmare 10 mill kroner over fire år. Ein professor og tre stipendiatar er tilsette på programmet. Eit nytt bachelorstudium i fornybar energi vert sett i gong hausten 2010. Sparebanken Vest gav i 2009 tilskot (to mill. kroner) til høgskulen for skiping av eit forskingssenter for Geofare og klimaendring.

Høgskulen er òg med i mange nettverksarenaer for regional næringsretta samarbeid og utvikling, VRI, Kunnskapsparken, Bedriftsnettverket osv. Men høgskulen har i liten grad medverka *direkte* til utvikling av eigne forretningsidear og nye selskap.

Sektormål 4

Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafør ramma av disponible ressursar.

Verksemdsmål 4.1

Høgskulen skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparameter 1

Driftsutgifter pr avlagt heiltidsekvivalent skal haldast uendra.

Styringsparameter 2

Driftsutgifter pr publikasjonspoeng skal haldast uendra.

Styringsparameter 3

Forholdet mellom tal tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og tal tilsette i administrative stillingar skal vere 70/30.

Styringsparameter 4

Ou-prosessen skal slutførast og vedtakast i styret i løpet av 2010.

Risiko

Risikoen under dette delmålet er knytt til om utgiftsnivået er tilpassa aktivitet og inntekter.

Vurdering

Høgskulen vil ikkje på kort sikt greie å tilpasse utgiftene viss vi skulle få ein nedgang i produksjonen. Omleggingar vil ta lengre tid, men det er viktig å ha fokus på at ledig kapasitet som følgje av redusert aktivitet, må nyttast til å auke inntektene gjennom den eksternfinansierte aktiviteten.

Verksemdsmål 4.2

Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Styringsparameter 1

Høgskulen skal arbeide for å oppnå jamn kjønnsfordeling mellom kvinner og menn.

Styringsparameter 2

Andel kvinner i førstestillingar skal aukast.

Styringsparameter 3

Minst 50% av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner.

Styringsparameter 4

Høgskulen skal arrangere eit seminar innan leiarutvikling i 2010.

Styringsparameter 5

Høgskulen skal kunne tilby konkurransedyktige arbeidsvilkår for å behalde og rekruttere fagfolk.

Styringsparameter 6

Alle nytilsette skal ha ein mentor som kan rettleie i faglege spørsmål.

Styringsparameter 7

Leggje til rette for at sjukefráveret ikkje overskrider 4,5%.

Risikovurdering

Risiko

Det kan vere ein risiko at vi ikkje maktar å halde på personar med høg komptanse på innan forskning og undervisning, men også innafor administrative tenester.

Vurdering

Vi må greie å tilby tilsette interessante og utviklande arbeidsoppgåver, og ta vare på stipendiatar slik dei greier å fullføre doktorgraden. Likeeins må det leggjast til rette for at tilsette i administrative stillingar for auka sin kompetanse.

Verksemdsmål 4.3

Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Styringsparameter 1

Likviditetsgraden skal liggje på om lag 1,05.

Styringsparameter 2

Høgskulen skal ha god styring med avsettingane og redusere avsettingane i rekneskapen for 2010.

Styringsparameter 3

Ingen vesentlege merknader eller kommentarar frå Riksrevisjonen.

Styringsparameter 4

Gjennomføre månadlege kontrollar i rekneskapen.

Risiko

Risiko innanfor økonomiområdet er først og fremst knytt til manglande utvikling av ein robust økonomi. Styret har vedteke eit offensivt studieprogram for studieåret 10/11 og rekrutteringssituasjonen vil ha mykje å seie for høgskulen si økonomiske utvikling.

Vurdering

Institusjonen må ha høg merksemd til korleis søkjartala utviklar seg og vere budd til å gjere tilpassingar i studieprogrammet.

Verksemdsmål 4.4

Høgskulen skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåve og ansvar vert fordelt og løyst gjennom samarbeid.

Styringsparameter 1

Høgskulen vil ikkje kunne utvikle fellesgradar saman med andre institusjonar i 2010.

Styringsparameter 2

Høgskulen skal halde fram samarbeidet i UH-nett Vest for å utvikle det faglege arbeidet.

Som vedlegg følgjer eige skriv om samarbeid om lærarutdanning i Region Vest.

Styringsparameter 3

Høgskulen skal inngå avtale med Universitetet i Bergen om mastergrad i lærarutdanning.

Styringsparameter 4

Høgskulen skal inngå avtale med Idrettshøgskulen om master i idrett.

Risiko

Desse målsetjingane føreset at HSF og samarbeidande institusjonar har felles interesser i å utvikle desse samarbeidsrelasjonane.